


Hus og tun på Gammel Prestgarden Bull-muséet gjennom 250 år.

Av Bjørn Bækkelund

Museumstypar

I Noreg har vi mange slags museum. Eldst er dei kunsthistoriske og arkeologiske samlingane. Ellers har vi og ei mengd spesialmuseum som arbeider med meir avgrensa emneområde. Ofte gjeld det særskilte næringsgreiner eller yrkesgrupper. Vi har mellom anna skogbruksmuseum, forsvarsmuseum, postmuseum og jernbanemuseum. Og nyleg fekk vi oljemuseum. Ellers finst det og såkalla «minnemuseum», - spesielle samlingar som skal vere minnesmerke over framstående personar innom norsk kultur og samfunnsliv. Bjørnson har fått sitt Aulestad, Grieg sitt Trollhaugen. Men dei fleste musea i Noreg er «folkemuseum». Slike institusjonar finn vi både i by og bygd. Nokre er store og dekkjer ein heil region. Andre er små og arbeider berre innanfor eit avgrensa bygdelag. Felles for folkemusea, utan omsyn til kvar dei ligg og kor store dei er, er at desse musea har som hovudmål å vise korleis folk har levd opp gjennom tidene. I ein slik samanheng blir *bustad* og *arbeidsmiljø* nøkkelord. Og derfor er det ikkje rart at bygningshistorie alltid har vori eit emne som har vekt interesse og skapt debatt blant museumsfolk og andre kulturhistorisk interesserte.

Om vi ser litt nærmare på korleis byggjeskikken er presentert ved musea våre, vil vi snart sjå at det er tre forskjellige hovudprinsipp som ligg til grunn for utforminga av friluftssamlingane ved dei ulike musea. Bygningane blir anten sett i *tidsmessig*, *romleg* eller *sosial* samanheng. Som døme på eit museum der *tidsaspekt* har stått svært sentralt, kan vi nemne Maihaugen på Lillehammer. Da Anders Sandvig samla bygningstilfang til museet sitt, arbeidde



Dette biletet syner korleis Gammel Prestgarden såg ut like etter århundreskiftet. Mange av husa frå den tida garden var i drift er alt nedrivne, men fortsatt står nokre att. Lengst til venstre ser vi låvebygningen. Bakom låven skimtar vi vestgavlen på fjøset. På tomta etter den gamle rullebua er plassert ein utedo. Nærmest fotografen ligg koppbua og stabburet. Bak stabburet ser vi hovedbygningen og taket på burloftet.

Den digre kvite bygningen nedanfor gardstunet er skulen. Den første faste skulebygningen i bygda sto på hitsida av prestegardstunet.

29678

han ut frå ein spesiell idé. Han ville syne folk utviklinga, - frå det enkle, gamle og opphavlege til det meir moderne og avanserte. Målet var å «samle alle de hustyper som hørte med til bygdens gamle bygdeskikk. (1) Alt frå den mellomalderske årestua til dei storslåtte våningshusa på 17- og 1800-tallets embetsgardar. På dette viset kunne folk få eit slags innblikk i korleis byggjemåtar og bustadformer hadde endra seg opp gjennom tidene.

Men ikkje alle museumsfolk let den utviklingshistoriske tankegangen liggja til grunn for den måten dei presenterte bygningshistoria på -. Mange museum valde i staden å sortere bygningane sine etter *geografiske* kriterium. Pioneren Hans Aall, som fekk i gang Norsk Folkemuseum i Oslo, prøvde til dømes å samle bygningane i ulike tun, - eit for Romerike, eit for Setesdalen, eit for



Detalj av hovedbygningen og burloftet.



Østerdalen, eit for Jæren og mange fleire. På dette viset greidde museet og syne folk særmerkte stildrag og byggjemåtar i ulike landsdelar. Glomdalsmuseet i Elverum vart bygd opp etter ein liknande idé. Dette museet skulle arbeide med bygdelaga langsmed Glåma, frå Røros i nord til Kongsvinger i sør. På Glomdalsmuseet fekk bygdene i dalføret kvar sitt tun med hus som skulle vere karakteristiske for bygdene dei representerte. På den måten har det vorti mogleg for publikum å gå på museet og leggje merke til små og store variasjonar i byggjetradisjonen frå bygd til bygd.

Som nemnt viser mange museum byggjeskikken i tidsmessig eller romleg (geografisk) samanheng. Men det går også an å sjå byggjemåtar og butilhøve i eit meire *sosialt* perspektiv. I breibygdene aust for Mjøsa var skilnaden på fattige og rike større enn dei fleste andre stader i landet. Derfor var det naturleg at Toralv Belken-Nilssen på Hedmarkmuseet la stor vinn på å vise korleis dei sosiale skiljelinene synte seg gjennom byggjeskikken og bustadtilhøva. Museet skulle dekkje heile samfunnsspekteret. Det skulle vise korleis ulike lag av folket levde: Proprietæranane på storgardane sine, og meire «jamne» bønder på «halvgardar» og «kvartgardar». I nærleiken av alle desse gardstuna skulle det vere husmannsplassar, slik at publikum kunne få sjå korleis småkårsfolk hadde det i det gamle jordbrukssamfunnet.

Dei fleste småmusea i Noreg er samansette av gamle hus som er samla frå forskjellige gardar rundt i dei nærmaste bygdelaga. Målet var som oftast å plassere bygningane saman slik at det heile skulle stå fram som eit naturleg gardstun. Dette er inga enkel oppgåve. Dei einskilde husa kjem frå ulike gardar og må innpassast saman med «framande» hus i eit nytt «tun». Ekstra vanskeleg kan det bli når det nye «tunet» ligg i eit terreng som er ulikt den staden der bygningane opphavleg vart oppsette.

Altfor mange bygdetun består av ei klynge med vakre, romantiske stovebygningar, stabbur og loft. Ingen har teki omsyn til at dei meire kvardagslege uthusbygningane også høyrer med i eit fullstendig tun. Mange slike museumsanlegg har dessutan fått ei underleg plassering i terrenget, på stader der ingen ville ha funni på å leggja eit «ordentleg» gardstun.

På Bullmuseet i Rendalen skulle det vere mogleg å unngå nokre av desse tabbane. Der er nemleg museet plassert på den staden der

den gamle prestegarden i bygda låg. Det er framleis to hus som står att frå det gamle tunet på garden, eit stabbur og eit våningshus. Dersom vi kan greie å finne ut korleis prestegardstunet såg ut medan garden enno var i drift, vil vi få eit godt bilete av korleis husa i bygdetunet bør grupperast.

Eg vil her ta for meg nokre av dei kjeldene som kan fortelja oss om korleis den gamle prestegarden i Øvre Rendalen såg ut.

Branntakster

I 1687 kom det ei lov som fastsette at dersom det vart brann på ein prestegard, skulle dei ulike soknekyrkjene i stiftet (bispedømmet) betale ein riksdalar kvar slik at det kunne bli mogleg å få sett opp att nye bygningar i staden for dei som var nedbrende. (2) Ellers fanst det inga skikkeleg branntrygdeordning i Noreg på denne tida. Fyrst på andre halvdelan av 1700-talet kom det i sving branntrygdslag i byane. Huseigarane i byane fekk snart påbod om å branntrygde gardane sine. Samstundes fekk dei som åtte hus på landsbygda høve til å teikne brannforsikring. I byrjinga var det berre nokre få proprietæreigedommar på bygdene som vart branntrygda. I 1845 kom det ei lov som desentraliserte administrasjonen for branntrygdinga. Frå da av var det lensmennene som leia branntakstforretningane. Etter dette vart det vanlegare at bøndene også forsikra gardane sine.

Bygningane som skulle branntrygdast, vart synfarne av lensmannen og 3-4 lekfolk. (3) Lensmennene førte protokollar med ulike opplysningar om husa. Protokollane fortel kor store dei var, korleis dei var bygde, og kva slags materialar som var nytta. Ettersom husa skulle takserast var det viktig å få med opplysningar som kunne ha positiv eller negativ innverknad på verdien. Utette tak, rotne veggjar eller dårleg fundamentering reduserte takstsummen. Medan til dømes panelte, malte eller tapetserte veggjar, spesielle arbeidskrevjande utsmykkingsdetaljar og verdfull veggfast innreiing auka verdien og førte til at takstsummen vart høg. Ellers inneheld branntakstprotokollane opplysningar om tilhøve som kunne ha innverknad på branntryggleiken. Det kan til dømes gjelde eldstader, skorsteinspiper og avstanden mellom bygningar med eldstad.

Når husa på ein gard vart takserte og innlemma i brannkassa, skulle dei takserast om att kvart tiande år. Huseigaren plikta og å melde frå kvar gong det skjedde ting som endra verdien av bygningane på garden. Det kunne vera ombygging, riving og gamle hus eller oppsetjing av nye. I slike høve skulle det haldast omtakst.

I Gammelprestgarden i Rendalen var det 5 branntakstsynfaringar, den fyrste i 1841 og den siste i 1924. Ekstrarettss- og branntakstprotokollane frå denne perioden kan fortelje oss korleis husa på garden var bygde, kor store dei var og litt om korleis dei låg i høve til kvarandre i tunet.

Åbotstakstane


For den vanlege bonden var garden sjølv eksistensgrunnlaget. Garden var både bustad og arbeidsplass samstundes som han ga størstedelen av dei naturaliane folk trong til mat og klede. Når bonden vart gamal kunne han la eit av barna sine ta over styringa av eiendommen mot at han sjølv og kona fekk føderåd. På denne måten gjekk odelsjorda frå generasjon til generasjon, det var *ættene* som åtte gardane. Dei einskilde gardbrukarane var på sett og vis berre representantar for ættene sine. Dei måtte alltid hugse på at etter dei kom det yngre slektsledd som også skulle livnæra seg å gardane. Derfor vart det viktig for odelsbøndene å tenkja langsiktig. Husa, jorda og skogen måtte alltid vera i god hevd, ellers sette ein både si eiga og etterkommarane si framtid på spel.

På prestegardane var tilhøva annleis. Prestane fekk rett nok ein vesentlig del av inntektane sine frå gardsdrifta. Dessutan hadde dei kontor og husrom for seg sjølv og familieane på prestegardane. Likevel vart ikkje det å ha langsiktige mål for gardsdrifta så viktig for prestane som for dei vanlege bøndene. Årsaka er enkel: prestane sat på embedsgardane sine berre ei stutt tid. Dei kunne ikkje gjera regning med å få langsiktig glede av det arbeidet dei la i gardsdrifta. Rett nok hende det at presteenkjær vart oppattgifte med ettersommaren i kallet, og i nokre sjeldne tilfeller hende det vel óg at prestesøner tok teologisk embetseksamen og fekke overta gard og embete etter fedrane sine. Men slikt høyrde med til

unntaka, og ingen prest kunne gjera rekning med at familien vart buande på garden lengre enn ein generasjon. Dette førte til mangel på kontinuitet i drifta på mange prestegardar. Prestane kunne drive embetsgardane sine berre med sikte på kortsiktig vinning. Jorda vart utpint, skogen uthøggen, og husa sto til nedfalls utan at det vart gjort nemnande for å sette dei i stand og halde dei ved like.

I Nord-Østerdalen var tilhøva spesielt vanskelege. Dei forskjellige soknekalla var fattige og prestegardane var små og tungbrukte samanlikna med mange andre stadar i landet. Det ser ut til at dei fleste prestane som har vore i distriktet, har prøvd å få feitare kall andre stader i landet så snart det var råd. Særleg ser det ut til at flatbygdsokna på Austlandet har vori ettertrakta blant prestane.

For å hindre at prestane vanbrukte embetsgardane sine, kom det alt i 1687 inn føresegner om åbot i dei norske lovene. (4) Lova slo fast at når ein prestegard skifta brukar, kunne den nye brukaren krevja erstatning av forgjengaren for ting på garden som



ikkje var i orden. Erstatningssummen kunne dei to bli forlikte om seg i mellom. Vart dei ikkje samde, hadde den nye brukaren rett til å krevja ei offentleg synsforretning. I slike synsforretningar deltok skrivaren og 2-3 lekmenn. Desse gjekk over eigedommen med hus og gjerde for å finna ut kor mykje det ville kosta av materialar og arbeidsutgifter å vøla på det som ikkje vart haldi ved like. Referat frå desse synsforretningane vart skrivne inn i tingbøker og ekstraretsprotokollar. Åbotstakstane gjev verdifulle opplysningar om tunskipnaden på Gammelprestgarden i Rendalen, ikkje minst i den eldste tida da det er knapt om andre kjeldar.

Visitaprotokollar

I tillegg til branntakstar og åbotsforretningar finst det ei tredje skriftleg kjeldegruppe som kan fortelje oss noko om byggjeskikken på dei gamle prestegardane. Det er visitaprotokollane til prostane. Med jamne mellomrom reiste prosten på visitas rundt i dei ulike soknekalla. Når prostane var på visitasreiser, skulle dei føre tilsyn med det som hadde med kyrkje- og skulestellet å gjera. dei skulle sjå til at prestane og lærarane gjorde godt arbeid, og at almugen levde eit godt og gudfryktig liv. Prostane skulle også passe på at kyrkjerekneskapane var i orden. Dessutan skulle dei sjå etter at kyrkjene, kyrkjegardane, prestegardane og enkjeseta vart haldne i god stand.

Opplysningar om desse sakene førte prostane inn i særskilde bøker, såkalte visitaprotokollar. Visitaprotokollane har som oftast enkle og knappe opplysningar. Anna var det ikkje å vente, prostane for raskt frå det eine soknekallet til det andre, så det var ikkje mogleg å vinna djupt innsyn i alle dei tilhøva dei skulle føre tilsyn med. Dei opplysningane om prestegardsbygningane som står i visitaprotokollane, er langt frå så grundige og detaljrike som det vi finn i branntakstar og åbotsforretningar. Men visitaprotokollane har óg sine fordelar. Det gjekk oftast lang tid mellom kvar gong det var branntakst eller åbotsforretning på ein gard. prostevisitas derimot var et mest kvart år, og kvar gong skreiv prosten nokre ord om prestegardshusa i protokollen sin. Dette gjer at vi får ein heilt annan kontinuitet i dei opplysningane som kjem fram. Åbotsforretningane kan gje oss inngåande kjennskap

til kva slags bygningar som sto i prestegardstunet til dømes i 1787 eller 1879. Branntakstane kan på den same måten gje opplysningar om husa presten rådde over i perioden frå 1819 fram til 1880-åra. (6)

Protokollane frå prostevisitasreisene er nok langtfra så omfangsrike som dei to andre kjeldegruppene, men dei gjev til gjengjeld eit betre bilete av utviklinga frå år til år. Dei fortel kva for hus som måtte reparerast, og når gamle hus vart rivne og nye oppattbygde. Ein annan fordel ved visitasprotokollane er at dei nemner alle husa på prestegardane. Branntakstar og åbotstakstar har ein tendens å nemne berre dei bygningane presten var ansvarleg for, ikkje det prestegardshusa som almugen skulle halde vedlike.

I somme tilfelle har vi høve til å kontrollere dei ulike kjelde-typane mot kvarandre. Det er ikkje alltid at det som står i visttasprotokollane stemmer overeins med åbotsforretningar eller branntakstar. Vi har døme på at visitasprotokollen fortel at husa på prestegarden var i upåklageleg stand, medan åbotsforretningane frå dei same åra fortel om dei same bygningane at dei var «brøstfældige» eller «cassable». I slike saker der det ikkje er samsvar mellom kjeldegruppene, er det naturleg å feste minst lit til det som står i visitasprotokollane. Både branntakstane og åbotsforretningane dokumenterer dei manglane dei nemner langt betre enn visitasreferata.

Prestegardane

I det gamle bygdesamfunnet var det stor forskjell på folk. Det gjekk ei djup sosial kløft mellom «øvrigheta» og «allmugen», mellom embetsstanden og folk flest. Det var sjeldan mange øvrighetspersonar i ei bygd. Somme stader kunne det vera berre lensmannen og presten. I andre bygder budde det kanskje ein offiser, ein sakfører eller ein lege. Felles for presten, lensmannen, offiseren, sakføraren og legen var at folk såg opp til dei med stor age.

Øvrighetspersonane hadde som oftast betre økonomiske kår enn folk flest. Og på bakgrunn av den autoritet embete og bokleg lærdom ga, fekk mange av embetsfolka stor politisk makt i

lokalsamfunnet. Det var som regel berre dei aller mektigaste bøndene som kjende seg jamnbyrdige med øvrigheta.

Presten sto i ei særstilling. Forfattaren Tor Johnsen har skildra det slik:

«Presten har dei djupaste røtene som bygdeautoritet. Blant primitive folk er det medisinmannen som står i samband med dei løynde maktene og folk ser på han med vyrnad og skrekk. I den kristne verda er det presten som er mellommann mellom jordlivet og det ukjende. I eldre tid tala han med Gud på eit mål folket ikkje skjøna og han kunne tvinge folk til botsgang og bøter. Dei kunne nok tala svivyrdsleg om den botnlause prestsekken, men likevel vart presten ein bygda-konge, som få våga å setje seg opp mot.»

Folk såg sikkert på embetsmennene og det dei gjorde med blanda kjensler. Likevel var det nok mange som såg opp til dei «store» og prøvde og leva slik som dei. Det er truleg mange gardbrukarar som har bede bygdesnekkaren laga stilmøbel, slik han hadde sett dei i skrivargarden. Og jentene i bygda ønskte seg kanskje poplinskjolar eller silkekysar, maken åt dei prestedøtrene hadde. Omtrent på same måten var det med bygjeskikken óg. Nye motar kom gjerne først hos embetsmennene. Dei hadde oftast studert i Christiania eller Kjøbenhavn, så dei visste korleis storfolk bygde og budde «ute i den store verda». Det var særleg våningshusa på embetsgardane som markerte den høge sosiale statusen til dei som budde der. Derfor vart gjerne desse embetsboligane påkosta litt ekstra. Mange av dei var uvanleg store. Embetsmennene brukte óg å vera mellom dei fyrste som fekk seg tegltekte tak og måla panel på ytterveggane. Gjennom slike «bygningssmotar» kunne prestar og andre embetsfolk påverke bygdafoket og deira tradisjonsbundne byggeskikk.

Nå var de slett ikkje alltid slik at embetsfolk bygde og budde betre enn vanlege bønder. Mange av dei budde tvert om dårleg og brydde seg lite med å vøle husa på gardane sine. Og det er kanskje ikkje så rart når vi tenkjer på at gardane dei brukte og bygningane dei budde i berre var noko som følgde med embetet. Vanlege gardsbruk gjekk som vi alt har vori inne på i arv frå far til son, frå ættledd til ættledd. Når ein odelsbonde bygde seg nytt hus, visste han at både han sjølv og etterkommarane i ætta hans ville ha nytte av det arbeidet han gjorde. Dersom ein prest fekk sett opp ein ny

bygning, ville han berre kunne gle seg over dette huset så lenge han var prest i bygda. Dersom han døydde eller flytta til eit anna kall, kom ein framand kollega og fekk nyte fruktene av det arbeidet han hadde gjort. Derfor vart nok bygningane forsømte på mange prestegardar. Dette gjaldt særleg små avsidesliggande kyrkjesokn. I fattige marginalområde var det ikkje gjevt å vera. Der var nemlig levekåra kummerlige både for presten og allmugen. Presten fekk inntektene sine frå drifta av prestegarden, tiende som bygdefoket betalte og offerpengar frå alle som gjekk til alters under dei tre store høgtidene. Dessutan skulle presten ha offerskilling ved bryllaup og barnedåp.

Barselkvinnene pla óg å betale ein slant til presten når dei kom til kyrkja fyrste gongen etter fødselen. Under slike tilhøve er det klårt at storleiken på prestegarden og dei økonomiske kåra til allmugen hadde mykje å seia for presten. Var garden dårleg og folket fattig, vart det smått med inntekter på presten óg. Slike kyrkjesokn vart gjerne kalla «promosjonskall». Der vart prestane buande berre nokre få år til dei fekke nok ansinitet til å søkje eit feitare kall. I Nord-Østerdalen ser det ut ti lat særleg Kvikne har vori eit slikt promosjonskall. Og det sette sine spor på bygningane i prestegarden. Den gongen Bjørgan var prestegard, kom det stadig klager frå nye prestar som kom til bygda over at prestegardshusa var »brøstfældige». Presten Bjørnson til dømes klaga Nicolai Flood for å ha vanskjøtta husa på Bjørgan. Flood måtte betale Bjørnson ei åbot på om lag 90 riksdaler, slik at Bjørnson kunne byggja nye hus og vøle på dei gamle (7). Men då Bjørnson 5 år seinare flytta til Romsdalen, regna det fortsatt gjennom taka, og skigardane låg til nedfalls (9). Slik gjekk Bjørgan i arv frå prest til prest utan at nokon fant det bryet verdt å sette garden i skikkeleg stand.

I Rendalen var det annleis. Rendalen var eit betre kall, og prestane vart som oftast lenger. Derfor satte dei og meir inn på halde embedtgardane sine i god hevd.

Frå gammalt av delte prestane ansvaret for vedlikehaldet av prestegardane med kyrkjelyden. Alt på Kristian IV's tid vart det fastslege at «det haffver verit sedvanligt paa nogle stæder udi vort Rige Norge at Soknemendene haffur bygd oc ved mact holdit Trænde huse for deris Sognepræst som er en Borgestuffere, en

Herre Kammer og en Stald.» Anders Bugge meinte denne tradisjonen hadde opphavet sitt i mellomalderen (10). Seinare kongar reviderte lovene, men paragrafen som sa at kyrkjelyden skulle ha åbøtsansvar for tre av bygningane på prestegardane vart stadig teken opp att. I 1867 var lova slik:

«Hvor som heldst det haver været af Alders Tid sædvanligt, skulle Sognemændene for deres Sogneprest bygge og ved Magt hold trende Huuse, som ere een Borgstue, et Herrekammer og en Stald. De øvrige Huse skal Præsten selv, og Enken udi sit Naadens Aar vedligeholde.»

Denne ordninga sto i hovudtrekka ved makt helt til 1897 (11), Frå då av vart denne oppgåva lagt over på kommunane.

Kvifor skulle kyrkjelyden halde presten med både ei «Borgerstuffue», eit «Herre Kammer oc en Stald»? Forklaringa finn vi kanskje derson vi tenkjer litt nøyare etter kva desse bygningane vart brukte til. I eldre kjelder vert ordet «herrekammer» ofte nytta synonymt med omgrepet «bispekammer» (12). dette kan vel ikkje tolkast på annan måte enn at herrekammeret må ha vori rommet til bispane. Truleg var dette rommet overnattingsstad for biskopen når han fór på visitas rundt i bygdene. Visitasreiser måtte til når biskopen ville forvise seg om at prestane forkynte rette trua, arbeidde for god moral og tok vel vare på dei kyrkjelege eigedommane. I følge Anders Bugge var *borgstua* i mellomalderen eit manskapsrom på ei borg. Det er nærliggjande å tru at borgstuene på prestegardane opphavleg kan ha vori losji for folk som var med bispen på visitasferdene. Seinare har ordet fått eit anna innhald. Dei «borgstuene» vi høyrer om i kjelder frå dei siste 2-3 hundre-åra, har dei nærmast vori det vi ville kalle drengestuer. På ein travel prestegard kunne ellers eit slikt hus romme mange aktivitetar. Hedmarks-muséet har ei borgstue fra Vangsprestegarden. Denne bygninga har to rom. Det eine vart nytta til konfirmantførebuing. Det andre tente som arbeidsplass for skreddar, skomakar, salmakar og andre handverkarar som gjekk gardimellom og arbeidde der det var bruk for dei (13).

Stallen allmugen skulle byggje og halde ved like for prestane, kan truleg óg sjåast i samband med bispane og visitasferdene deira. På slike turar reiste bispane truleg med stort følge. Og i innlandet var hesten beste framkomstmidlet. Eidivatinglova nemner 4 netters opphald med 10 mann og seks hestar om vinteren og ti om

sommaren. I Gulatingslova vert det sagt at hestetalet på ei visitasferd ikkje måtte vera større enn atten.

I etterreformisk tid var truleg biskopane meire smålåtne og reiste med litt mindre følgje. Likevel trongst det nok mange ledige spilltau når dei kom til gards. I dei fleste bygder låg dessutan prestegardene sentralt, og dit kom det derfor mange slags folk. Det var alltid naudsynt å ha godt om stallpass.

Som nemnt sto lova om at kyrkjelyden skulle byggje og halde herrekammer, borgstue og stall ved lag heilt til 1897. Men etterkvart kom denne lova meir og meir i «utakt» med tida. I 1877 prøvde biskop Arnoldus M. Hille å få eit oversyn over kva for hus bygdefolket (etter 1836 kommunane) held prestane med. Det synt seg at på dei fleste prestegardane var det berre to bygningar kyrkjelyden sto ansvarleg for, våningshuset og stallen. Hille sjølv uttrykte det slik:

«i Stedet for de nævnte Huse: «et Herrekammer» (som ingen ret kan sige hvad er) - og en «Borgerstue» (formentlig en Drengestue) - sattes «en Hovedbygning». (15)

I dei fleste kyrkjesokn hadde altså «en Borgerstuffue, et Herrekammer oc en Stald» i praksis vorti til hovudbygning og stall. Men i Rendalen var det ikkje fuldt så enkelt. I 1876 skreiv sokneprest Thorvildsen til biskopen. Han fortalte at «Menigheten har Forpligtelse til at opføre og vedligeholde Hovedbygning, Drengestue og Stald, medens de forøvrigt til Embedshørende 24 Aabodshuse, hvis Opførelse og Vedligeholdelse altsaa påhviler Presten...» (16).

Hovudbygningen

Det gjekk meir enn 200 år etter reformasjonen før Rendalen var skilt ut som eige kyrkjesokn. Fram til 1741 var det Åmotspresten som hadde ansvaret for at rendølene fekk høre Gudsordet (17). Men avstandane var lange. Det var ikkje råd for ein mann å rekkje over eit så stort distrikt. Derfor vart det tilsett kapellanar som skulle ta seg av forkyninga i Rendalsbygdene. Dei forskjellige kapellanane budde på ulike stader i bygda. Men i 1741 vart altså Rendalen skilt ut som sjølstendig prestegjeld. Snart fekk dalen sitt første sokneprest, Christian Wilberg Schultz. Og presten trong

ein stad å bu. På sommartinget i 1747 vart derfor denne meldinga opplesen og innskriven i tingboken:

Eet Kongelig allernaadigst Rescript af Dato 19de May 1747, om at Vangen Gaard herefter skal være Prestegaard for Reendalen medvidere (18).

I 1747 hadde denne garden vori bygselbruk og kyrkjeleg eigedom i fleire generasjonar (19). Christian Wilberg Schultze kunne altså flytte til ein gard som på førehand hadde opparbeidde åkrar og enger og bruksrett til sætrer, skog, fiskevatn og moseflyer i utmarka. Garden hadde sikkert óg eit tun med alle dei husa som trongst for å romme folk, dyr og avling. Det er rimeleg å tru at Vangen var eit gardsbruk som ikkje skilde seg særleg mykje frå dei andre gardane i bygda, korkje når det gjaldt jordveg eller bygningar. Så teoretisk sett kunne nok presten berre flytte inn og overta hus og jord etter den siste leilendingen på garden. Men det synte seg snart at presten ikkje var heilt nøgd med tilhøva. Noko av det første Schultze ga seg i kast med da han kom til gards, var å få reist eit nytt våningshus.

Men etter lova var det kyrkjelyden, ikkje prestane, som skulle byggje og halde vedlike hovudbygningane på prestegardane. Men Christian Wilberg Schultze venta ikkje på at allmugen skulle byggja hus åt seg. Han tok initiativet sjøl og fekk fort i gang byggjearbeidet. Nå er det vel lite truleg at presten sjøl deltok i det praktiske arbeidet. Det var truleg velrøynde bygdehandverkarar som svingte laftebilene og snikra innreiing. Men presten var nok stadig i nærleiken for å passe på at karane bygde huset slik han ville ha det. Og Schultze fekk det nok slik han ville. Ein ting er i alle høve sikkert: den nye hovudbygningen som sto ferdig i prestegarden ved juletider i 1747 fanst det ikkje maken til i Rendalen på den tida. Den nye prestebustaden var stor og staslig slik det høvde seg ein embetsgard. Bygdefolket budde i heilt andre slags hus.

Vi har få opplysningar om butilhøva i Rendalen på midten av 1700-talet. Men dei gamle rettsprotokollane frå bygdetinga kan hjelpe oss til å sjå enkelte hovudtrekk i byggjeskikken frå denne perioden. Om det brann på ein gard vart det til dømes haldi tingsvitne der det vart gjort greie for brannen og dei bygningane som var øydelagde. Det har óg kommi fram interessante opplysningar om byggjeskikk og butilhøve under vitneavhøyr i «van-

lege» rettstvistar. Dei opplysningane eg har kommi over tyder på at bygdefolket i Rendalen omkring midten av 1700-talet budde i tradisjonelle einetasjes «Østerdalsstuer». Desse stuene hadde gjerne to rom: Ei romsleg stue som tente som arbeids- og opphaldsrom, og ein mindre «klåvå», der det var senger og litt lagerplass. Framfor stuedøra kunne det kanskje vera eit vindfang eller eit toetasjes barfrøloft. Dei fleste sjøleigande gardsbruk hadde truleg to slike bygningar. Nokre stader var det endåtil tre østerdalsstuer. Våningshusa var etter måten små, men dei var mange. Dette sette sitt preg på butradisjonane.

Men presten ville ikkje bu slik som bygdefolket. Han ville ikkje flytte frå den eine stua til den andre kvar vår -. Og han ville føre embetsprotokollane sine i same rommet som kvinnfolka kokte mat og bøtte sokkar i. Han ville ikkje bli forstyrra av karane som sat framom peisen og spikka rivtindar og fortalde grove historier medan han sat og skulle førebu søndagspreika si. Presten ville ha eit hus som etter tidas normer var stort, stasleg, lyst og komfortabelt. Og det fekk han.

Den 22. juli i 1748 var det møtt ei mannsterk forsamling i prestegarden (20). Sokneprest Schultze hadde forlangt at dei skulle «besigtige og taxere bemeldte Præstegaards Bygninger og udvise Almuen hvor mange Huse det tilkommer dem efter Loven at vedligeholde». 6 tylldølar skulle vera takstmenn. Dessutan var det frammøtt eit titalls vel vørde gardbrukarar frå Rendalsbygdene. Dei skulle sjå til at alt gjekk rett for seg, og forhandle med presten om vedlikehaldsplikta på vegne av allmugen.

Karane vart sikkert imponerte då dei kom inn i den nye bygningen. Han var bygd i to etasjar. Og begge etasjane inneheldt mange rom. I førstehøgda var det stue, soverom, kjøkken og spiskammers. Under kjøkkengolvet var det gravi ut ein liten kjellar, og mellom kjøkkenet og spiskammeret var det laga ein gang. Førstehøgda hadde forresten enno eit «aparte» lite rom, truleg ein slags gang der trappa til andrehøgda gjekk opp. Ovanpå var det tre «Kouver», truleg soverom. Mellom desse romma var det ein gang «med Locum Privatum hostømret». Eit «Locum privatum» var rett og slett eit toalett. Prestefamilien skulle sleppe å gå ut i kulda og mørkret når dei måtte på do. Men korleis toalettet i prestegardsbygningen eigentleg var laga får vi ingen sikre opplysningar om. Kanskje var det eit lite kott i gangen der det sto ein trestamp der

avføringa vart oppsamla mest som i eit moderne kjemikalieklosett? Vel, dette er ikkje den mest sannsynlege løysinga på problemet. At rommet var «hostømmet» tyder nok heller på at det var lafta som eit kasseforma utskott på ytterveggen i andrehøgda av bygningen. På dette viset kunne prestegardsfolket sette seg godt til rette og la avføringa falle fritt ned på bakken på utsida av husveggen. Ut frå vår tids hygieniske krav, kan vi nok skrukke på nasen over ein slik form for toalett. Det vart nok både vond lukt og store flugesvermar ikring huset på grunn av denne doen. Dette var nok truleg årsaka til at han vart fjerna etter kvart òg. Men på 1700-talet var det slett ikkje uvanleg at folk hadde slike doar. Dei var helst laga som «hemmeligheter» inst i svala framfor andrehøgda på loftsbygningar. I den loftsbuga som var bygd innåt prestegardsbygningen var det faktisk òg ein slik do. At dette systemet ikkje var så vanleg i stuebygningar har vel ganske enkelt samband med at dei fleste stuebygningane på denne tida hadde berre ein etasje.

Det nye våningshuset vart nok dyrt for Schultze. Rett nok hadde han fått til eit slags forlik med bygdefolket om at kvar allmugesmann skulle betala tre riksdalar til presten ettersom han hadde bygd våningshuset, som det i følgje lova var kyrkjelyden som skulle byggje og halde i stand (21). Men dei pengane som kom inn rakk nok ikkje til å dekkje dei utgiftene presten hadde hatt i samband med bygginga. Derfor måtte han skaffe pengar på andre måtar.

Schultze prøvde å selja tømmer. Men den tømmerkogen som hørde inn under prestegarden kunne ikkje presten bruke heilt som han ville. Skogen var nemleg sameige mellom fleire av gardbrukarane i bygden. Derfor kunne ikkje presten hogge åleine. Dei andre lotteigarane måtte vera med og få sin rettmessige del av fortienesta. Men Schultze tok ikkje slike omsyn. I 1750 vart han og fem av grannane hans på Berger og Høye klaga for retten fordi dei hadde drivi ulovleg hogst i sameigeskogen (22). Vitna i saka fortalde at presten og dei andre innstemnde i fleire år hadde hatt ulovleg tømmerdrift i ei skogstrekning der både Berge, Berset, Høye, Elvål, Haukset, Bolstad og Hårsetgardane var deleigarar. Kor mykje tømmer presten hadde selt var det ingen som visste sikkert. Vinteren 1748 vedgjekk Schultze at han hadde drivi fram 30 tylter frå sameigeskogen. Dette tømmeret fekk han ellers lita glede av. Stokkane vart nemleg framkjørt frå skogen og lagt på

elveisen. Der skulle tømmermerkjarane komma for å taksere og merkje virket. Men merkjarane kom ikkje tidsnok. Våren kom, isen smelta og tømmeret vart ført nedover elva med flaumvatnet. Og ettersom tømmeret ikkje var taksert og merkt, fekk ikkje presten ein einaste skilling for det.

Christian Wildberg Schultze døydde for øvrig før det fall dom i saka mot han. Derfor var det enkja og arvingane hans som måtte stå til ansvar for den ulovlege tømmerhogsten. På eit tingmøte like innunder jul i 1750 vart dei dømde til å betale ei skadebot for dei 30 tyltene Schultze hadde vedgått at han hadde hogd. Styresmaktene skulle fastsetta erstatningssummen (23).

I 1826 gjekk Samuel Mandall av som sokneprest i Rendalen (24). Då hadde han vori prest i bygda i om lag 40 år. Og hovudbygningen som den første soknepresten i dalen, Christian Wildberg Schultze, fekk sett opp hadde tent som prestebustad i bortimot 80 år. I løpet av denne tida hadde mangt endra seg. Prestegarden hadde nok etter kvart vorti ein betre og meir veldriven gard. Dyrkingsmåtane vart med tida meire effektive, og innmarka auka truleg i omfang. Potetdyrkinga hadde vunni innpass, og dette førte til større og sikrare avlingar. Ellers var mykje av skogen skilt ut frå sameiga (25). Alle desse faktorane førte til at garden etter kvart vart ei betre og meir veldriven eining. Denne utviklinga ga gunstigare produksjonstilhøve og truleg auka produksjon på dei fleste område. Dette førte til at det avrt stilt nye og større krav til hus og bygningar. Det var nok særleg driftsbygningane som måtte endrast, men javnvel hovudbygningen vart etter kvart rekna for gammal og umoderne.

Då Anders Bull tok over presteembetet etter Samuel Mandall, var både husa og jordvegen i prestegarden i god hevd. Derfor forlangte ikkje den nye presten åbotsgodtgjerdsle av forgjengaren sin. Likevel var det tydeleg at Bull ikkje var heilt nøgd med husa på garden. I løpet av nokre få år erstatta han mange av dei med større og meire tidsmessige bygningar. Det huset Anders Bull var minst nøgd med var truleg hovudbygningen. Men hovudbygningen var det som nemnt kyrkjelyden, ikkje presten, som hadde ansvaret for. På sommartinget i 1829 fekk presten i stand ei avtale med bøndene i dei to bygdelaga (26). Alle gardbrukarar, både i Øvre og Ytre Rendalen, lova og yte sin del av det nødvendige bygningstømmeret og syte for at bygningen vart reist. Framover

vinteren 1830 kom det mange hestar med som vart avlest på prestegardstunet. Og då sommaren kom, hadde 21 ytterdølar og 16 øverdølar levert sin del av bygningsmaterialane. Berre tre gardbrukarar i øverbygda nekta å stå ved lovnadene sine. Dei ville ikkje gje tømmer til den nye bygningen likevel. Då vart presten harm. Han skreiv eit brev til amtmannen, og ba om å få utpantningsordrar, slik at dei tre karane kunne tvingast til å betala liksom dei andre gardbrukarane i bygda hadde gjort. Etter dette måtte dei truleg la presten få viljen sin.

Likevel gjekk det tregt med byggjearbeidet på det nye huset. I 1830 skreiv prosten ganske optimistisk at allmugen har «paa-begyndt en ny Stuebygning Opførelse, der vil blive fuldført saa snart som muligt, hvorefter den skienkes Præstegaarden uden noget Aabodsansvar» (27). Men året etter skjønner vi at byggjinga hadde stansa opp. Heller ikkje i 1832 vart det gjort noko, «da Almuen formedelst det mislige Aar var hindret fra, efter Løfte, at fortsætte den nye Vaaningsbygning Istandsættelse, hvilket man dog mente kunde skee i Løbet af næste Aar». Men det vart ikkje gjort noko i 1833 heller. Og slik fortsatte det. Bygningen sto halvferdig, men allmugen såg seg ikkje råd til å fullføre byggjearbeidet. Men i 1839, ti år etter at bøndene hadde lova Anders Bull eit nytt våningshus, skjedde det noko. Etter vedtak i amtformannskapet (fylkeskommunen) måtte allmugen syte for at det vart gjort eit stort reparasjons- og restaureringsarbeid på den *gamle* hovudbygningen. I mellomtida skulle «en paa Præstegaarden opført nye og under Tag bragt 1-Etages Bygning efter Formandskabets Beslutning og med Sognepræstens Samtykke, skal henstaae ufuldendt indtil videre.» Året etter var reparasjonsarbeidet gjort, og soknepresten sa seg vel nøgd med den gamle bygningen. I 1841 fortel prosten at «den paa Præstegaarden opførte nye Hovedbygning, nu af Formandskabet er besluttet at bortsælges, eftersom den gamle Hovedbygning af Præstegjeldet er bekostet istandsat til Præstens Tilfredshed.» Derfor vart det til at det gamle våningshuset som Christian Wildberg Schultze hadde fått bygd i 1747, fortsatt kom til å bli bustad for Rendalsprestane i mange år.

Etter 1839 vart det ikkje gjort mange endringar på prestegardsbygningen. I 1850 ønskte presten å få sett inn ei ny dør mellom daglegstua og kjøkkenet (28). Saka vart fremja i formannskapet og sikkert vedteken. Under visitasen i 1867 la prosten

merke til at golva og dørtersklane var slitne. Dessutan trong mold-benken langsmed sørveggen å etterfyllast med meir jord (29). Alt dette må vel kunne kallast for småreparasjonar. Men i røynda var det nok større feil og manglar ved bygningen som skulle ha vori utbetra.

I 1874 vart det nedsett ein kommunal komité som skulle vurdere om våningshuset i prestegarden skulle utvidast med eit tilbygg. Komitéen frårådte forslaget (30). Ikkje fordi dei syntest tilbygget var unødvendig, men fordi den nedre delen av det gamle huset var roteskadd. Komitéen hadde òg sett på dei andre bygningane i gardstunet. Konklusjonen var nedslåande:

Da efter vor Formening hele Præstegaardens Bebyggelse er planløs og uhensigtsmessig anlagt, kan man ikke tilråde Opførelse af nogen nye Hovedbygning, førend der bliver udarbejdet en Plan med Tegninger og Beskrivelser af Præstegaardens Huse og Gaardsrum, samt Calcül over hvert Huus' Kostende»

Rådet frå komitéen vart følgt. I 1877 vart det ordna med ei åbots-forretning på prestegarden (31). Dokumenta frå denne forretninga var heller ikkje særleg oppløftande. «Ælde, Forfald, daarligt og stygt, ubekvent, uhensigtsmæssigt og smaat» var blant dei orda som vart brukte. Det vart òg hevda at «ingen bedre Gaardbruger i Rendalen vilde lade sig nøie med, eller finde det stemmende med Fordringerne til tjenlig Hygge og Comfort at beholde Bygninger af den Art, som de, der nu ere Gjenstand for Aabodsbestemmelse.» Konklusjonen på det heile var at dei fleste husa burde rivast og erstattast med nye og meir tidsmessige bygningar.

Dei dårlege bygningane var truleg hovudårsaka til at prestegarden vart flytta. Den nye prestegarden vart lagt på Oppistu Bersets grunn, medan den gamle prestegarden vart selt (32). Erik Midthøye vart ved sjølve tunet og jorda nærmast omkring. Han leigde ut bygningane til innerstar (33). Seinare vart alle uthusa med unntak av stabburet rivne. Jacob Breda Bull var djupt såra over dette. I bygdeboka si skriv han desse bitre orda:

«Efter at Gaarden saaledes var berøvet sin kulturhistoriske Værdi, besluttede endelig i 1919 Rendalens Kommune at indkjøpe den gamle Præstegaard (Østerdalens ældste) som

et historisk Minde, særlig knyttet til Jacob B. Bulls Navn som Takk for hans Arbeide med Rendalens Historie og den Skildring i sin Digtning» (34).

Harde og kompromisslause ord. Og endå meir harm vart Bull då huset vart nytta som lærarbustad i staden for museum. Men tida har endra seg. I dag arbeider nye generasjonar med å rette opp att skaden. Gjennom museet sitt reiser dei eit fint minne over diktaren sin og det bygdefolket han var så glad i.

Drengestua

Som nemnt var det tre bygningar kyrkjelyden i Rendalen heldt ved like for presten sin: Hovudbygningen, stallen og drengestua. Nett derfor er akkurat drengestua blant dei husa i prestegarden vi veit minst om. Årsaka er enkel. Dei bygningane prestane sjølve skulle halde i orden vart ofte takserte, både i samband med åbottsoppgjer, ved presteskifte og ved synfaringar med tanke på branntrygding. Derfor er gjerne desse husa nemnt i fleire skriftlege kjelder. Dei husa allmugen hadde ansvaret for derimot vart ikkje branntrygda og kom aldri med i åbottsoppgjer mellom prestane. Derfor har vi berre spredde opplysningar om drengestova. Men vi veit i alle høve litt om korleis huset var brukt, og kven som budde der. Folketellingane fortel oss at det var to våningshus på prestegarden. Det eine var sjølsagt hovudbygningen, det andre var drengestua. I hovudbygningen budde prestane og familiane deira. Saman med dei budde gjerne ei tenestejente. Ho skulle både stelle ungar og arbeide som stuejente. Ellers hadde fleire av prestane privatlærarar som budde i hovudbygningen på garden. Enkelte av prestane hadde òg «Husjomfruer» eller «selskapsdamer». Dette var gjerne ugifte, unge kvinner frå kondisjonerte familiar. Dei skulle lære å halde styr på ei stort hushald.

I drengestua budde arbeidsfolket, dei som hadde det daglege slitet med drifta av prestegarden. Fremst mellom desse sto forpaktaren. Han leia det praktiske jordbruksarbeidet. Forpaktarane var som oftast gifte menn, og dei budde i drengestua med kjering og ungar. Saman med forpaktarfamilien budde det ellers nokre tenestefolk. I 1875 til dømes, var det ei tenestejente og ein

gardskar som budde i drengestua (35). Legdekallen hadde òg plassen sin der.

Korleis drengestua var bygd har vi som nemnt ingen sikre opplysningar om. Men det er svært nærliggjande å tru at det må ha vori eit hus av den typen som ofte blir omtala som «Østerdalsstuer». Østerdalsstua er ein einetasjes bygning. Denne bygningstypen har som oftast to eller somme gonger tre rom. Den som gjekk inn i ei slik stue, kom fyrst inn i sjølve stuerommet. Dette rommet dekte ofte over halvparten av grunnflata. Ved sida av stua, til høgre når ein kom utanfrå, var det ein «klåvå» eller eit kammers. Over dette rommet kunne det vera eit lite loft som i Østerdalen gjekk under namnet «ram».

Det kunne kanskje vera interessant å ofre nokre linjer på innbuet i ei slik gammal Østerdalsstue. Omkring midten av 1800-tallet gjekk ein loslitt teolog rundt på bygdene i Noreg. Det var folkelivsforskaren Eilert Sundt. Sundt brukte både auge og øyre og skreiv ned mykje av det han såg og høyrde. Den flittige forskaren var svært interessert i byggjeskikk og butilhøve. Han undra seg over kor stor innverknad tradisjonen hadde på dette feltet. Kanskje særleg i fjelldalane. Her er eit lite sitat frå boka Sundt skreiv «Om Bygningsskikken paa Landet i Norge»:

«Andre steder heder det, at mand og kone gjerne ville trætte med hinanden om, «hvor skabet skal staa»; men her kan ikke lettelig den trætte oppstå, såsom skikken har afgjort tingen for længe siden. Det er så i disse bygder, at når man først har gjort seg fortrolig med hver tings plads i et hus, så ved man med det samme, hvordan det er i alle andre huse af samme bygningsmåde.» (36)

Innbuet i Østerdalsstuene var truleg plassert på omtrent same måten på alle gardar. Kom ein framandkar inn i ei slik stue, kunne han ganske sikkert vente å finna framskåpet til venstre for inngangsdøra. I hjørnet bakfor dette skåpet var høgsetet, sitjeplassen til husbonden. I drengestua i prestegarden var det truleg forpaktaren som sat på denne plassen. I roa ovanfor høgsetet brukte det ellers å vera eit roskap. Frå høgsetet og nedetter gavlveggen var det vanleg å ha ein lang veggfast benk. Framfor høgsetet og langbenken sto det eit bord. Ved dette bordet kunne det òg vera krakkar eller (seinare) stolar. Diagonalt overfor høgsetet, i roa mot klåven, sto alltid peisen. Han var nyttig både som

kokestad og varmekjelde. Og når det mørkna ute, var det peisen som ga beste arbeidslyset. Ellers var det brukeleg at husbonden hadde senga si ståande inntil veggjen like ved peisen. Ved klåvdøra var det gjerne eit «kast». Dette var ei hylle eller eit slags lite skåp, der ein kunne kaste frå seg vottar og anna småtteri. På undersida av kastet var det alltid ein trerull til å hengja handklede over. Eilert Sundt var litt interessert i dette spesielle vesle møbelet. Han fann kast i nokre få gamle stuer i Gudbrandsdalen. Men berre i Nord-Østerdalen var dei ennå i dagleg bruk på 1850-talet (37).

Stueromma i dei gamle Østerdalsstuene vart som vi skjønner brukte til litt av kvart. Dei var både kjøkken, soverom, arbeidsrom, daglegstuer og festsalar.

Når det gjaldt klåvåen og ramen var ikkje innreiinga så tradisjonsbunden som i sjølve stuerommet. I klåvåen brukte det alltid å vera sengeplass. Rammen over klåven kunne ha mange funksjonar. Jacob Breda Bull uttrykte det slik:

«Der kunde man lægge adskilligt som trængte Tørk, Varmen steg jo op og blev staaende derinde, det blev en kjærkommen Plads for alt Emne og Ørkje, som skulde holde tørt og være for Haanden, Økseskafter, Slædemeier, Koppemne m.v. og efterhaanden, særlig om Vinteren, også en eftertraktet soveplads for dem som før sov på Stuebænkene.» (38)

Forpaktarfamilien i Gammelprestgarden åtte truleg ikkje mange av dei møblane dei brukte. På auksjonen etter presten Storm i 1846 vart det selt dobbeltsenger, eit bord og to umalte krakker frå drengestua (39). Dette var tydelegvis gjenstandane som presten åtte. Dei andre møblane i bygningen høyrer vi ikkje noko om under auksjonen. Dette har truleg samband med at benkar og skåp gjerne var veggfaste og skulle følgje garden.

Burloftet

Vi lever i eit samfunn som er prega av stadige endringar. Desse endringane skjer gradvis, ja mest umerkeleg. Einskildmenneska opplever ikkje store skilnader frå dag til dag eller frå år til år. Men ser vi miljøet omkring oss i eit litt lengre tidsperspektiv, skjønner vi snart at det har foregått ei voldsom utvikling på mange område.



Loft og stabbur frå Hanestad, Rendalen, foto: Glomdalsmuseet.



Loft fra S. Høye Randalen, foto: Glomdalsmuseet.

Tenkjer vi oss Rendalsbygda for 100 eller 150 år sidan, kan vi lett sjå kontrastane. Frå hesteskysst og trekkokksar til folkevogn, Mercedes og moderne traktorreiskapar. Frå grå verslitne tømmerstuer til nymotens ferdighus. Eller frå fotside ullstakkar til utvaska dongeribukser. Alt dette er utviklingstrekk dei fleste har høyrte litt om. Andre viktige endringar har folk mindre kjennskap til. Det gjeld kanskje særleg ting som har med tradisjonelt kvinnelege sysler og arbeidsoppgåver å gjera.

Før i tida brukte kvinnene mykje av arbeidstida si til å bere kaldvatn frå bekkar og brønner. I dag har mest alle innlagt vatn. Det er berre å skru på ei kran så kjem det rennande, varmt eller kaldt ettersom ein sjølv ønsker. På same måten har kjøleskap og elektriske komfyrar vorte standardutstyr i alle heimar. I dei siste 10-15 åra har oppvaskmaskina vorte eit vanleg hjelpemiddel.

Den endringa som har hatt størst innverknad på kvardagslivet vårt, er nok likevel overgangen frå naturalhushald til pengehushald. Så seint som på midten av 1800-talet var dei fleste gardane i Rendalen sjølvstendige produksjons- og konsumsjonseiningar med ei variert drift. Folk fekk dekt dei viktigste behova sine gjennom det skogen, åkerjorda, fjøset og fiskevatna ga. Berre skogsdrifta ga eit visst overskot i klingande mynt. Desse pengane vart brukte til å kjøpe varer rendølane ikkje greidde å produsere nok av sjølv. Det gjaldt først og fremst korn, men også ein del tekstilar og andre handverksprodukt. Slike varer vart kjøpte av omreisande ferdafolk frå Hedmarksbygdene og Sverige. Mange rendølar drog nok på marknadsreiser til Grunset eller Røros og (40).

Eit særtrekk ved det gamle naturalhushaldet var at matvarene som trongst på ein gard måtte lagrast. Når hausten var omme og kornet berga, skulle helst dette kornet vara heilt til ei ny avling kunne takast året etter. Det same gjaldt for mange andre matvarer. Kjøt og fisk til dømes måtte saltast, spekast, tørkast eller rakast, slik at folk hadde noko å leva av til neste gong dei kunne slakte eller fiske. I vår tid er folk vane med å gå på butikken nesten kvar dag. Før i tida var dette korkje vanleg eller naudsynt. Folk greidde seg sjølv. I 1840, til dømes, høyrer vi at Rendalsbygdene hadde «5 Gjestgiverier og 1 Landhandler, der imidlertid for Tiden ingen Handel driver.» (41) Vi skjønner at bygdefolket stort sett var sjølvberga og brukte lite pengar. Men alt ti år seinare klaga

lensmannen over at ødsling og sløseri byrja å bli vanleg i distriktet. I dag vil vi vel trekke litt på smilebandet når vi høyrer kva lensmannen rekna som ødsling. «Hvad der har bidraget hertil og hvad der fremdeles vil sætte Almuen noget tilbage i økonomisk Velvære, er den overdrevne Nydelse af Kaffe hvortil den er henfalden». Det var altså kaffe landhandlarane hadde så god avsetning på. Ellers heldt folk seg stort sett sjølve med dei matvarene dei trong. Talet på butikkar i Rendalen heldt seg svært lågt fram til 1870-åra. Då kom det brått ein kraftig ekspansjon i forretningslivet i distriktet. I 1875, til dømes, var det 31 landhandleri i Nord-Østerdalen (42). Av desse var 21 såkalla forbrukarforeningar. 15 år seinare var det heile 12 butikkar berre i Rendalen (43). Men sjøl i denne perioden var det helst «luksusvarer» som kaffe, sukker, tobakk og tekstilar folk kjøpte «på bua». Kjøt og mjølvarer heldt dei seg i stor monn med sjølve.

For å ta vare på matvarene sine trong folk skikkelege forråds- hus. I Gammelprestgarden var det både stabbur og burloft til å lagre matvarer i.

Burlofta kan ha litt forskjellig utforming. Litt forenkla kan vi rekne med to hovudtypar, ein liten og ein større (44). Begge typane finst i Nord-Østerdalen. Den minste typen liknar mykje på vanlege stabbur. Desse burlofta har gjerne eit rom i kvar etasje. På den eine gavlveggen er det svalgang og inngangsdører. Den viktigaste byggetekniske skilnaden på eit slikt loft og eit vanleg stabbur er at stabburet alltid har inngangsdør berre i fyrstehøgda. For å komma opp i andrehøgda må ein gå ei trapp inne i huset. På burloftet derimot er det alltid ein svalgang med trapp opp til andrehøgda på yttersida av ein av veggane. Den store typen, dei såkalla langlofta, har to rom i kvar etasje. Langlofta har dessutan alltid svalgang og inngangsdører på den av langveggane som vender inn mot gardstunet.

I Gammelprestgarden låg det frå gammalt av eit slikt langloft tett inntil austgavlen på hovudbygningen.

Loftet hadde to etasjar og var bortimot 9 meter langt. Bredden var på drøye 7,5 meter. I fyrstehøgda var det to matrom med sams inngangsdør. På andrehøgda var det òg to rom, «et Pakrum og et Klædekammer, hvert med sin særskilte Indgangsdør, der er forsynet med Laas.»

Framfor sesse var det ein svalgang. Svalgangen var truleg

innkledd med bordpanel. I denne gangen gjekk det ei trapp mellom fyrste- og andrehøgda. Loftsbygningen må ha hatt eit alderdommeleg preg. Branntakstane frå førre århundret fortel at romma i dette huset mest ikkje hadde vindauge. Både i forrådsromma i fyrstehøgda og i loftsromma ovanpå var det berre små gluggar som kunne stengjast med skyvelemmar. Rett nok var det eit skikkeleg blyvindu i gangen over inngangsdøra. Dessutan var det eit lite glas i det austre røstet av bygningen. Men ellers var det nok mørkt. Kanskje har det ikkje vori bruk for vindauge i loftsdua heller, – spesielt ikkje i fyrstehøgda. Der var det forrådsrom, truleg for kjøt, mjølkemat og anna det ikkje var plass til på stabburet.

Stabburet

Hardt klima og skrinn dyrkningsjord har ført til at Østerdalen alltid har vori blant dei områda i Aust-Noreg som har hatt aller størst behov for å skaffe seg jordbruksvarar utanfrå. Jamnført med grannebygdene var det kanskje ikkje så dårlege tilhøve for korndyrking i Rendalen. I 1829 skreiv topografen Jens Kraft dette: «Reendalens Præstegjelds Beliggenhed, Jordbund og Klima medfører paa de fleste Steder ingen Hindring for Agerdyrkningen, skjøndt nordliggende, er dette Præstegjeld en bedre Kornbygd end Aamot og især end Stor-Elvdalens Sogn, og ved hensigtsmessig Dyrkning maatte man lettelig kunne frembringe det Korn som til Almuens Føde behøves» (45)

Kraft hadde sikkert rett i at åkerbruk sto sterkare i Rendalen enn i dei to nermaste grannebygdene i sør. Og i distriktet nordafor var det mest berre i Tyllidalen og Innset det var rimelege sjansar til å få modne kornavlingar (46). Men jamvel om rendølene hadde betre jordbrukstilhøve enn dei andre bygdelaga i området, greidde heller ikkje rendølane å dyrkje alt kornet dei trong sjølve. Midt på 1800-talet vart det sagt at 6–700 tønner korn måtte kjøpast utanfrå i eit normalår (47). Mykje av dette kornet vart henta heim frå vintermarknadane på Grunset og Røros. Det var óg vanleg at hedmarksbøndene kom på ferdesreiser opp gjennom dalen for å selja noko av overskotet sitt om vinteren.

Anten kornet var dyrka i Rendalen eller innkjøpt frå andre



Stabburet og koppbua

stader, trongst det bygningar der ein kunne arbeide med grøda og lagre ho. Slike bygningar var låven, badstua og stabburet.

Stabburet var viktigaste forrådshuset på ein gard. Der var gardens hovudlager av kjøt og mjølmat. Stabburnøkkelen var sjølv symbolet på det ansvarsområdet ei gardskjerring hadde. På flatbygdene var det slett ikkje uvanleg at gardene hadde to, ja kanskje tre stabbur. Liknande tilhøve har det nok vori i Rendalen óg. Ut frå vitneprova i dei brannsakene som er ført inn i tingbøkene frå 1750 og framover mot 1800, kan det sjå ut som om mange av rendalsgardene på denne tida hadde to stabbur eller to loft. I Gammelprestegarden har det truleg aldri vori meir enn eit stabbur og eit loft.

Det stabburet som står i Gammelprestegarden i dag er nemnt i skriftlege kjelder alt i 1768 (48). Bygninga var da i bra stand. Den eksakte alderen på stabburet er det ellers vanskelig å fastslå. Men det er vel rimelig å tru at huset kan vera bygd omtrent på den tida då den fyrste presten flytte til garden midt på 1700-talet.

Stabburet er ein lafta tømmerbygning, rektamgulær, litt over 6 meter lang og vel 4 meter brei. I ein branntakst fra 1846 står det

ellers at «i Bygningen er 2 Etager, der begge indeholde forskjellige Rum til Korn efter sædvanlig Indretning.» (49)

10 år etter får vi klårare beskjed. Då høyrar vi at begge etasjene inneheld kornbingar, «hvoraf 5 i underste og 6 i øverste Etage». (50)

Framfør inngangsdøra til stabburet var det ei lita sval med veggjar av skorne bord. Denne svala er nemnt alt i 1768 (51). For å kome frå gardstunet inn i svalen måtte ein gå opp ei tømra trapp.

Stabburet var gardens viktigaste forrådsrom. Derfor var slike hus svært utsett for tjuvpakk, både tobeinte og firbeinte. For å halde mus og rotter unna var stabburet bygt på stolpar eller stabbar. Dette var ein skikk som breidde seg i Noreg dei første to hundreåra etter reformasjonen. Mange stader vart jamnvel eldre buer og loft flytta opp på stabbar i denne tida. Prestgardsstabburet i Rendalen har rimeligvis alltid stått på slike stabbar. Alt i 1768 vart nemlig denne bygningen omtala som «ey Stabbur paa Stolper og Sviller». (52)

Redsla for tobeinte tjuvar sette og sitt preg på utforminga av stabburet. Slike hus hadde sjeldan ordentlege vindauge, berre små gluggar som det ikkje var råd å krype inn gjennom. Dessutan var det nesten aldri meir enn ei inngangsdør i eit stabbur. I Østerdalen var denne døra som oftast plassert på ein av gavlveggane i huset. For å komme opp i andrehøgda måtte ein alltid fyrst låse seg inn gjennom døra i fyrsteetasjen. Derifrå gjekk det trapp opp.

Koppebua

«Et saakaldet Koppebod» er eit uttrykk som går att i mange av dei gamle dokumenta som fortel om bygningane i pretsegardstunet. I våre dagar er denne nemninga ukjent og hustypen forsvunnen frå gardstuna i distriktet. Men for hundre år sia var det truleg ganske mange gardar i Nord-Østerdalen som hadde slike hus.

Koppebua var ein bygning der folk lagra traub, nøler og ulike slag lagga trekoppar. Slike kjørel fanst i store mengder på alle gardar i Nord-Østerdalen før bøtter av blick og plast, mjølkespann, tankanlegg og moderne meieridrift gjorde trekoppene overflø-dige. Eit slags inntrykk av kva som fanst av trekar før i tida, kan vi

få ved å sjå på det som vart seld på auksjon en etter presten Storm i Rendalen (53). Først på lista over «Træboskab» finn vi 24 mjølkebunkar og 19 mjølketrau. Vidare er det nemnt 4 nøler, 4 smørkoppar og heile 15 mjølkebøtter. Dessuten hadde presten ein god del reiskap for ølbrygging og 8 brennevinskaggar. Dette utstyret kan kanskje óg ha hatt plass i koppebua når det ikkje var i bruk.

Koppebua var mellom dei husa i Gammelprestagarden som prestgardstunet. Huset var tømra og hadde berre ein etasje. Grunnflata var lita, berre 10 - 11 m³.

Koppebua hadde inngangsdør på gavlveggen, men ingen vindauge. Innreiinga inne i huset var truleg svært enkel. Einaste innbuet var sannsynlegvis nokre hyller langsmed veggane til å stable tomme kjørel på.

Koppebua var mellom dei husa i Gammelprestegarden som vart ståande lengst.

Eldhuset

Som vi alt har nemnt har kosthaldet i norske bygder endra seg mykje dei siste hundre åra. På siste halvdel av 1800-talet vaks det fram ei mengd landhandleri i forskjellige bygdelag. Samstundes kom jernbanen og gjorde transport av matvarer over lengre avstander både enklare og billigare enn før. Dette førte til at kosthaldet vart meir uavhengig av kva som vart produsert på kvar einskild gard.

Det er litt rart og tenkje på at litt føre siste århundreskiftet var mest alt mjølet på gardane nytta til flatbrød og graut. I vår tid et vi gjerne omnsbrød mange gongar om dagen. Før i tida var denne brødtypen mest ukjent blant vanlege bygdefolk. Flatbrødet hadde den fordel at det held seg godt. Det mugna ikkje anten det låg på stabburet eller i utnistningskista i tømmerkogen. Ettersom flatbrødet heldt seg så godt, slapp kvinnfolka å bake kvar dag. Bakinga gjekk føre seg i eldhuset eller bryggarhuset som det òg var kalla. Der var det gjerne peis, takke og kanskje ein liten bakarom til det vesle som vart brukt av gjerbakst.

I tillegg til bakinga vart eldhusa særleg nytta til klesvask. Mange

stader brukte folk eldhuset på denne måten like til dei elektriske vaskemaskinene kom. (54)

Eldhuset kunne og brukast til meir personleg hygiene. Jacob Breda Bull fortel i Rendalsboka at han «har selv som Gut i 1850-60 årene set Folkene på Rendalens Præstegaard Julekvelden «lauge» hverandre i Eldhuset under store Hui og festlig Munterhet.» (55)

Eldhuset, der Breda Bull såg denne lauinga, låg i nordvestre enden av prestgardstunet i nærleiken av stabburet og berre eit par meter frå koppbua. Bygningen var nesten kvadratisk, om lag 5 meter både i breidda og i lengda. Eldhuset hadde ellers blyvindaug og ei dør. Døra var truleg på gavlveggen. Ettersom eldhuset ikkje inneheldt særleg store verdiar, vart døra stengd med hasp og krok, ikkje med ordentleg lås.

Inne i bygningen var det peis med takke og bakaromn. Denne bakaromnen var forresten mura slik at steinmuren omkring omsrommet stakk ut gjennom nordveggen på eldhuset.

Rullebua

Kleda folk går med kan i mange høve gje oss ei slags oppfatning av kva slags menneske dei er. Om dei er rike eller fattige, konservative eller radikale. I eldre tid var det særleg dei økonomiske og sosiale skillelinene som kom til syne gjennom klesplagga folk gjekk med. Vanlege arbeidsfolk hadde som oftast klede av grove heimvovne ullstoff. Dei kondisjonerte derimot brukte mye «kjøpety», silke til dømes. Når ein prestefamilie flytta frå eit kall til eit anna, var det mykje dei ikkje fann det bryet verdt å frakte med seg. Mange av egedelane deira vart selt på auksjon før dei flytta. Men bøker, finare steinty, glas, sølvty og klede var gjerne ting prestefolket ikkje skilde seg frå. Vi har eit godt døme på dette frå Rendalen. I 1786 kom presten Michael Schielderup Holst til bygda for å overta prestembetet. Men Holst var sjuk, og døydde før han hadde budd ein månad i Rendalen. Gjennom skifteregistreringa av buet får vi eit inntrykk av kva Holst og kona hadde på flyttelasset sitt. Vi finn ganske riktig litt kjøkkenty, tallerkenar, nokre fine tekoppar, eit halvdusin vinglas og nokre sølvskeier.

Dessutan hadde prestefolket ei boksamling. Men mesteparten av egedelane var faktisk klede. Noko var sydd av heimvovne stoff, særleg ull og lerret. Andre ting var laga av importerte tøytypar, som til dømes sirs, bomullsfløyel frå Manchester og silke. (57)

Vi har nemnt at burlofta på gardane i Nord-Østerdalen brukte å ha særskilte lagerrom for klede som ikkje var i dagleg bruk. Vi har og vori inne på at eldhusa mellom anna vart nytta til klesvask. I Gammelprestegarden var det enno eit hus som hadde med tekstilar å gjere. Det var rullebua. I dette vart kleda pressa og glatta etter vaskinga. Rullebua låg 6-7 meter aust for burloftet. Ho var vel 6 meter lang og omlag 5,5 meter brei. Inne i bygningen var det ein peis som vart lite brukt. (58) Innbuet ellers veit vi dessverre ikkje noko sikkert om, men det er vel rimeleg å tru at det var ei stor klesrulle i bygningen, og at det var naudsynt å ha nokre benkar å leggja frå seg tyet på.

Rullebua i prestgarden vart etter kvart meir og meir forfallen. Då presten Andersen fekk branntrygda husa i prestgardstunet i 1846, vart ikkje rullebua taksert. (59) Det kom truleg av at presten meinte huset var så gammalt og skrøpeleg at det ikkje var pengane verdt å koste forsikring på det. Ti år seinare, i 1856, høyrer vi at bygningen var nedriven. (60)

Stallen

I mange hundre år har husdyravlen vori ei sentral næring i Nord-Østerdalen. Kua gav mjølk, kjøt og huder. Frå sauene fekk folk ull, kjøt og skinnfellar. Hesten derimot gav lite av slikt. I Noreg har det ikkje vori brukeleg å mjølke hoppene. Kjøtet var òg lite påakta. I mange bygder var det beintfram tabu å eta hestekjøt. Og hestehuda gjekk for å ha dårlegare kvalitet enn ku skinnen. Som om dette ikkje skulle vera nok, måtte hesten ha meire og betre fôr enn både sau og ku. Likevel var han det mest dyrebare av alle husdyra på gardane. Hesten gjekk òg for å vera det dyret som sto husbonden nærmast. Og det kan det nok ha vori noko i. For hesten var beste trekkrafta på garden og ein god arbeidskamerat anten han gjekk framfor ploegen, drog høylasset eller lunna fram vinterveden. Dessutan følgde det prestisje med han. I dag synst mange det er stor stas å eige ein rask og elegant sportsbil. På liknande

måte var det før i tida om å gjera å ha ein sprek og god hest. Ofte kunne det bli kappkøyning når folk skulle heim frå kyrkja om sundagane. Då gjaldt det å komma fort fram for å syne grannane kven som var beste hestekaren og hadde den raskaste hesten. Jacob Breda Bull har mellom anna skildra dette i den kjende forteljinga om «Vesleblakken»: (61)

Presten køyrer heim frå høgmesse i ytterbygda. På hunsvotten bak han sit stalldrengen Ola Jonsen Styggpåjord. Vesleblakken spring i skarpt trav. Snart er dei i hælane på Hornsetten og den grå travaren hans. Presten synest farten er altfor stor, men greier ikkje halde att hesten. Han let Ola Jonsen overta taumane, men heller ikkje han greier å halde Vesleblakken. Til slutt må Hornsetten gje opp og sleppe presteskysen føre seg. Så smattar Ola Jonsen med tunga, og Vesleblakken legg iverge ennå raskare enn før. Snart er Hornsetten borte bak dei. Men nå blir presten verkeleg redd. Han seier:

- Nei Ola, dette går ikke.
- Synes itte presten det går?
- Nei, jeg mener det går galt.
- Kain Hornsette kjøre, så kain fuill vi au.

Gjennom desse korte og ordknappe setningane lar Bull stalldrengen uttrykke fryd, byrgskap og triumf. For Ola Jonsen var dette ei stor oppleving. Det var ikkje alle som opplevde å kunne leggje sjølvaste Hornsetten og den kjende travaren hans bak seg på vegen.

I Prestegarden var det ellers mykje hest. Ikkje fordi prestane sjølve hadde så uvanleg stort hestehald, men fordi hesten var det vanlege framkomstmiddelet. Og mange hadde ærend innom prestegarden. Der fekk dei både gudsord og råd eller hjelp av meire praktisk art. For prestane var det sjølsagt eit yrkesetisk prinsipp at dei skulle prøve å ta vel imot alle som søkte råd og hjelp. Men det var ikkje nok å vera gjestfri mot den personen som kom. Det var òg vanleg god folkeskikk og stelle godt med hestane til dei som vitja garden. Og ettersom mange langvegsfarande gjestar til og med overnatta i prestegarden, var det naudsynt å ha godt om stallplass. Dette var truleg ei av årsakene til at mange prestegardar hadde to stallbygningar; ein som presten heldt i hevd og ein som allmugen hadde ansvaret for. Men i Rendalen ser det ut til at prestane alltid har greidd seg med ein stall.

Alt i 1748 høyrer vi at presten Schultze hadde bygt ein ny stall «indrettet med Spiltoug til 6 Heste, med Høeloft over og en Udbygning til eet Korn Loft» (62). Denne bygningen hadde allmugen vedlikehaldsplikt på.

20 år seinare var det ein åbotsforretning på prestegarden (63). I dokumenta frå denne forretninga er det ikkje nemnt nokon stall i det heile. Dette heng sjølsagt saman med at det var kyrkjelyden, og ikkje prestane som skulle halde stallbygningen i stand. Dette førte til at stallen mest aldri vart nemt, korkje i åbotstakster eller branntrygdingsdokument. Berre i visitasprotokollen til prosten finn vi stundom merknader om at «Stalden holdes istand af Almuen, og har ingen anden Mangel end at Taget ved stærkt Stødregn paa enkelte Steder ei er dråbefrit.» (64)

Ellers har vi dessverre ingen interessante opplysningar om stalltilhøva i Prestgarden før 1847. I dette året nemner prosten at allmugen i Rendalen hadde gjevi lovnad om å byggje ny stall i prestegarden året etter. (65) Om dette verkeleg vart gjort, veit vi ikkje sikkert. Det vesle vi veit har vi frå branntakstforretningane. Av dei går det fram at stallen må ha liggi i den nedre delen av tunet, like ovanfor låvebygningen. I 1856 høyrer vi at stallen var vel 9 meter og om lag 5 meter brei. Grunnflata var altså om lag 40 m². (66)

Fjøset

Ettersom klimaet alltid har skapt vanskar for åkerbruket i Nord-Østerdalen, har bøndene i området alltid vori svært avhengige av andre inntektskjelder. På dei fleste gardane i distriktet var nok fedrifta den sikraste næringa. Krøtterhaldet var sær s viktig på dei mange gardane der frosten gjorde det fåfengt å avle korn og poteter. I Rendalen var tilhøva for åkerbruket ganske gode samanlikna med grannebygdene. Dessutan hadde rendølane store skogvidder som i gode tider kunne gi kjærkomne kontantinntekter. Men i frostår og tider med dårlege konjunkturar og låge tømmerprisar var husdyra gode å ha. Særleg kua og sauene hadde stor økonomisk betydning. Nokre gardbrukarar dreiv med geiter òg, men geitehaldet har ikkje hatt særleg stort økonomisk omfang dei siste 2-3 hundreåra. I 1835 til dømes var det berre 29 geiter i dei to Rendalsbygdene medrekna Engerdalen. (67) Til

samanlikning kan vi nemne at desse bygdene i dette året hadde 300 hestar, 1843 storfe og 2386 sauar. På dei større gardane kunne både ku og saueflokkane bli på 30 dyr eller meir. Gammelprestgarden hørte ikkje med blant dei aller største. I 1875 hadde fjøset 21 båsrom og ein sauebinge. Ved nyttårsleitet dette året var det 18 storfe og 30 sauar på garden. (68)

Dette fjøset var sikkert imponerande. Bygningen var bortimot 14 meter lang og vel 8,3 meter brei. Grunnflata var altså omlag 120 m². I 1856 vart det sett inn peis i bygningen.

Fjøsa vart sjeldan særleg gamle. Fuktigheita og gjødsla som følgde kua gjorde desse husa svært utsette for roteskadar. Derfor gjekk det sjeldan mange generasjonar mellom kvar gong det vart bygt nytt fjøs på ein gard. Ein røynslerik hedmarking fortalde ein gong at eit fjøs som var bygt av snøggvakse grantømmer kunne vera forfallent før det vart 10 år gammalt. (69) Var bygnings-tømmeret malmfuru heldt naturlegvis huset lenger. Men likevel vart til dømes stuebygningar, stabbur, loft og låver som regel mykje eldre enn fjøsa.

I gammelprestgarden har det vori mange fjøs. Då presten Schultze overtok garden i 1748, brukte han truleg eit gammalt fjøs som var bygt på garden før han vart prestegard. Men alt sommaren 1768 høyrer vi at det var bygt nytt fjøs på garden (70). Dette fjøset var delt i to rom slik at storfeet fekk plass i nordenden av bygningen, medan sauene hadde rom i sørenden. I 1824 heiter det at fjøset var «indrettet til 30 Baasrum». Ellers var det ein peis i fjøsrommet. Dette var ein vanleg skikk i Østerdalen. I digre fjøs kunne det jamvel vera to peisar ved sida av kvarandre slik at røyken gjekk ut gjennom ei felles skorsteinspipe. (71) I peisen hang det ei bryggepanne i ei vinne. Denne panna vart brukt til å koke låg åt kyrne. Denne lågen var ei blanding av vatn og ulike føremne.

Frå 1811 har vi desse opplysningane om vinterfôringa av krøtter i Nord-Østerdalen:

«Kreaturene faaer Føde 3 Gange daglig, Om Morgen kl. 7 hver 1 Portion Høe, og Malkekiørne ovenpaa en Sørpe, bestaaende af Vand med Avner, Løv og Høe rørt tilsammen i en Bøtte omtrent 10 à 12 Potter*, til Middag kl. 12 udblødt

* 1 pot = 1 snau liter

Høe og Halm, og derefter en Bøtte Hestemøg oprørt med Laug 10 à 12 Potter, om Aftenen Kl. 6 en Portion Fieldmose eller Høe, til Ungkvæget Riis eller Hestemøg, Drikke Morgen og Aften, omtrent 12 Potter Vand eller Laug som i 12 Timer er aftrukket paa Høe og Halm. (72)

Presten Anders Lie Bull må ha vori ein praktisk kar som kunne meir enn gudsordet. Då han kom til Rendalen i 1827, byrja han straks å vøle på garden og husa som sto der. Noko av det første han gjorde var å setja opp ein ny fjøsbygning. Sommaren 1830 sto han ferdig, - «et nyt, stort og rummeligt Fæhuus, der fuldkomment er.» (73) Kyndige folk meinte nyfjøset var så stort og fint at dei to gamle fjøsa som presten Mandall hadde brukt vart overflødige.

Vel tredve år seinare, i 1862, fekk presten Mathias Bull eit lån på 150 Spesidalar for å bygge eit nytt fjøs i prestegarden samt ei sæterstove og eit fjøs på Klettsætra. (74) To år seinare sto bygningane ferdige. Bull valde å byggje fjøs for krøttera og sauene kvar for seg. (75) Kufjøset hans vart derfor mindre enn det gamle som Anders Lie Bull hadde bygt. Nyfjøset var 12 meter langt og vel 7 meter breitt. Grunnflata var på 85 m² mot omlag 120 m² i gamlefjøset. Likevel var krøttertallet om lag som før, med 20 båsrom. Nyfjøset hadde ellers peis og 4 vindauge. Snautt 10 meter ovanfor kufjøset fekk Mathias Bull bygt eit sauefjøs. Sauane trong mindre plass enn kua. Kufjøset var omtrent 10 ganger så stort som sauefjøset. Foran inngangen til sauefjøset var det eit slags vindfang, eit stolpeborent tak utan veggar. Alt etter 15 år høyrer vi at nyfjøset har begynt å forfalle. Golvet har svikta og er opprotna i vestre enden. (76)

Kua og sauene var ikkje aleine om å halde til i fjøset. Det budde menneske der òg. Her på Austlandet var det ein vanleg skikk at tenestefolka sov i fjøset om natta. Den kjende folkelivsforskaren Eilert Sundt fortel:

«Under mit ophold på Hedmarken i 1851 blev jeg opmærksom på denne skik. For mig som er opvoxet på Vestlandet, var den aldeles fremmed og forekom mig modbydelig.» (77)

Og vi vil vel gi Sundt rett. Jamført med vår tids krav om hygiene og komfort høyrer ikkje skikken med sovestad i fjøset særleg triveleg ut. Men for 150-200 år sia var det ikkje mange som tenkte

slik. Rett nok kunne det vera både rått og ureint i fjøset, men likevel vart det rekna for ein bra sovestad, spesielt om Vinteren. I dei fleste husa på garden kunne det nemleg bli svært kaldt når vinterkulda var på det strengaste omkring nyttårsleite. Men i fjøset var det alltid ein jamn og god lunk fordi kyrne ga frå seg mykje varme.

Når skikken med sovestad i fjøset forsvann sist på 1800-talet, hadde det ikkje berre samband med at nye hygieniske krav gjorde seg gjeldande. Det var vel så viktig for dei kondisjonerte i samfunnet å avskaffe den folkelege nattefriarskikken. Nattefriinga vart sett på som ei av dei viktigaste årsakene til at det vart fødd mange born av ugifte foreldre. Og så lenge tenarane fekk bu i fjøset utan strengt tilsyn frå sjølvfolket på gardane, var det vanskeleg å stogge nattefriinga. Denne haldninga kjem klårt fram i ei av bøkene til Eilert Sundt. Han fortel om ei vitjing i fjøset til ein romeriksbonde:

«Kreature i 2 rader, med hovederne ind til væggen, mellem raderne en urenlig gang, og inderst i gangen pigernes seng: Skvæt og stænk af styggeste art måtte kunne nå dem som sov i den. I den anden ende av fjøset var en svinesti, hvor to store bæster gryntende og stinkende, væg i væg med og indenfor stien stod tjenesteguttens og lægdmandens senge, således anbragte, at man måtte gå igjennem sauebingen for at komme til dem.

Jeg synes der er fare for, at de vakre små lam der i bingen kunne blive ihjæltrådte, når folkene med sine tykke begsøm-sko må famle sig igjennem her i mørket?

- «Å, de får gå varsomt,» mente bonden.

- «Men ved De hvad: det er stygt alt ihop!»

- «Ja, men», vedblev bonden, «er det ikke underligt alligevel: af de 3 gjenter ligge bare de 2 her i fjøset, og den 3die have vi i kjøkkenet for at have hende i nærheden; men de skiftes til, for ingen af dem vil ligge inde.»

- «Så? Nu ja, - ja, så er dette netop noget af det stygge ved tingen, som de og alle husbønder burde være opmærksomme på. Her i fæhuset kunne vel pigerne og gutterne have frit spil om nætterne; men det skulle de sandelig ikke have lov til.»

Gardbrukeren Sundt treffe hadde sikkert rett. Trass i dei dårlege hygieniske tilhøva, ville tenestefolka heller sova i fjøset enn inne i bygningen hjå sjølvfolket. I fjøset kjende dei seg friare.

Der fanst det ingen strenge og vaksame husbondsfolk som låg og lydde etter alt dei gjorde. I fjøset kunne tenarane tala fritt med kvarandre. Der hadde dei fri om natta.

Ei tenestejente som låg inne i stuebygningen, kanskje måtte stå opp midt på natta for å følgje småungane på garden til utedassen. Slikt slapp dei som låg i fjøset. Ein annan fordel ved fjøset, var at dei jentene som låg der lett kunne ta imot nattefriarar.

For hundre år sia kunne ugifte gutar og jenter knapt tala med kvarandre under fire auga i opent dagslys. Dersom nokon oppdaga at ein gut og ei jente sende lange blikk åt einannan når dei sat i kyrkja, eller endåtil tala lenge saman når dei møttest etter vegen, byrja snart bygdesladderen. Og da vart det brått mykje erting og spott å høyre. Men om natta kunne gutane dra frå gard til gard og slå av ein prat med jentene på sengekanten. Bygdefolket såg på denne nattefriinga som noko heilt naturleg. Det var på dette viset gutar og jenter vart kjende med kvarandre. Men nattefriinga hadde sine strenge reglar. Friarane måtte alltid vera vaksne, det vil seia konfirmerte. Dessutan skulle ikkje dei unge ha seksuell kontakt med kvarandre. På dette området hendte det nok likevel at freistinga vart for stor. Styresmaktene meinte i alle høve at nattefriinga var ei av dei viktigaste årsakene til at det var så mange «uægte» born fødde utanom ekteskap. I 1778 kom det et reskript «angaaende Nattesværmens Afskaffelse, og at hvert Kjøen skal anvises Leie for sig selv.» I reskriptet bad kongen «alle christelige og veltænkende Forældre og Huusfædre søge at afholde deres børn og Tjenestefolk fra slig utilladelig Nattesværmen.» Bøndene skulle dessutan syte for at gutane på garden ikkje fekk bruke same sovestad som jentene. Nattefriinga skulle avskaffast. Folk måtte passe godt på, og ikkje «tillade deres Børn eller Tjeneste-Folk at foretage slig utilladelig Gjærning, eller at imodtage disse Omløbernes Besøgelse.» Foreldre og husbondsfolk som openlyst let nattefriinga fortsette, kunne straffast med bøter. Gutar som gjekk på nattefriing og jenter som tok imot slike nattegjestar kunne òg få straff. Gutane skulle betala 2 riksdalar fyrste gongen dei vart tekne. Andre gongen vart bota fordobla, og i tillegg fekk dei 2 veker på vatn og brød. Om nokon vart tekne for nattefriing tre gonger eller meir, skulle dei sone frå 3 til 6 månaders festningsarbeid. Omtrent dei same straffereglane gjaldt kvinner som tok imot nattefriarar.

I praksis fekk nok ikkje dette strenge reskriptet så mykje å seia. For bygdefolket var nattefriinga ein gammal og innarbeidd tradisjon som dei ikkje såg nokon grunn til å kaste vrak på.

Dei som arbeidde mest for å bli kvitt nattefriarskikken, var embetsmennene. Særleg prestane stridde hardt mot det dei meinte var dårleg moral. I Rendalen var presten Samuel Mandall mellom dei argaste motstandarane av nattefriarskikken. Og det visste bygdefolket godt. Men 3. påskedag 1797 reiste presten bort. Nokre av unggutane i bygda hadde nok fått greie på at presten ikkje var heime, for om natta kom dei og ville vitje tenestejentene som sov i prestegardsfjøset. (78)

Der kjende dei seg rimeligvis ganske trygge når presten var bortreist. Men det skulle dei ikkje ha gjort. Mandall hadde nemleg fått Erik Nilsen Bortstu-Mømb, Tollef Eriksen Brua og sersjant Ole Håkensen fra søgarden Hårset til «at eftersee om nogen Natteløber fandtes i Præstegaarden». Og da presten kom heim att stemna han Tore Embretsen Hangarden for retten. Tore var ein av nattefriarane. Erik Mømb sto fram som vitne og fortalde at han hadde «antaget Tore Embretsen tilligemed endeel flere Personer i Fæhuset, og saae Vidnet tillige at Indstevnte Tore Embretsen laae i Sæng med Pigerne». Tore hadde nok vori på friing i Prestegarden tidligare òg. Eit av vitna i rettssaka hadde høyrte «at en Pige, nemlig Maria Anders Dr. som tiener i Præstegaarden, har været af Hr. Mandall advaret om ikke at modtage Nattebesøg af Indstevnte Tore Embretsen». Eit anna vitne hadde sett Tore ved prestegardsfjøset nattestider tidlegare òg. Dessutan vedgjekk to av tenestejentene at dei hadde høyrte røysta hans i fjøset om natta. Og begge hadde «hørt Marie Andersdatter tilstaae, eller tale om at Indstevnte besøgte hende om Natten.»

Saka endte med at Tore Embretsen måtte betala saksomkostnadene og gje presten ei erstatning på 2 riksdalar. (79)

Grisehuset

Frå gammalt av var grisen eit etter måten lite vanleg dyr på gardane i Rendalen. Ja, endåtil på breibygdene lenger sør på Hedmarken var det helst berre dei aller største gardane som hadde svin på 1600-talet (80). Men framover i 17- og 1800-åra auka


svineavlen jamt på etter kvart. I fjellbygdene gjekk ikkje denne utviklinga like fort. Så seint som i 1865 var det berre 12-13% av gardsbruka i øvre Rendalen som hadde gris (81). Og dei fleste av desse bruka hadde berre ein gris kvar. Presten Mathias Bull hadde dette året 4 grisar. Ingen andre i bygda hadde så mange. Men tredve år tidligare var det berre 2 grisar i Prestgarden òg. Og jamvel *det* var mykje når ein tenkjer på at dei to Rendalsbygdene og Engerdalen i 1835 hadde berre 45 grisar tilsaman. (Tala er henta frå folketeljinga 29. november 1835. Talet på svin varierte sjølv-sagt noko før og etter slaktetida.)

Årsaka til at svineavlen i Rendalen var såpass liten er enkel. Klima og veksttilhøve gjorde det vanskeleg å fø gris i bygda. Kva var det eigentleg grisen åt? Sommarstida var han vel nærmast for eit beitedyr å rekne. Frå Hedmarksbygdene kjenner vi døme på at føderådsfolk heldt gris og sikra seg kontraktfesta rett på at grisane deira skulle få beite fritt på halmstubben som sto att på åkrane etter at skurden var over. I Rendalen har det truleg òg vori slik at grisane fekk beite på inn- og utmark i sommarhalvåret. Men om vinteren var det truleg verre. Då måtte svina gjødast innomhus. Og det vart nok kostbart. Det beste svineføret vinterstid var nemleg korn. Men korn har aldri rendølane hatt for mykje av. Derfor var det nok ikkje rart at svineavlen var såpass liten som han var.

Førte gongen grisehuset i Gammelprestgarden er nemnt i dei skriftlege kjeldene er i 1822. (82) Vi får dessverre ikkje veta korleis bygningen såg ut på denne tida. Først ved ein branntakst i 1846 får vi meire nøyaktige opplysningar (83). Då hadde rendalspresten eit grisehus som var bygt i lafteteknikk. Det låg tett attmed låveveggen. Bygningen var snautt 3,5 meter lang, vel 3 meter brei og om lag 1,9 meter høg. Ellers får vi veta at dette vesle huset hadde ei inngangsdør utan lås, og at det var delt i to rom. Korleis desse to romma vart brukte fortel branntrygdingsdokumentet ingenting om. Kanskje kan det eine «rommet» har vori ein gang innanfor døra, medan det andre «rommet» var ein grisebinge innanfor denne gangen att? Eller kanskje huset rett og slett var delt i to grisebingar?

Dei skriftlege kjeldene gjev oss dessverre ikkje noko svar på slike spørsmål.

Taket på grisehuset var tekt med never og torv.



Låvebygning. Sjølve trøsk-låven finn vi i andre høgda midt i bygningen. Rommet under er kalla underlåve. På begge sider av trøsklåven er det golv, lagerrom for utrøska korn og forskjellig slag korn.

Låven

I dei bygdene der det vart avla korn, var låven oftast mellom dei største bygningane i gardstunet. Dette huset hadde to ulike typar rom. Ein viktig del av bygningen var det rommet som heile huset hadde fått namn etter, nemleg «låven». Der vart alt kornet trøska. I tillegg til låverommet inneheldt bygningen eitt eller fleire «golv». Golva var lagerrom for loa (det utrøska kornet) og for høy, halm, mose og anna fôr. Utforminga av låvebygningane har variert noko opp gjennom tidene. Gardsstorleiken hadde truleg nok òg ein del å seia for planløyninga. Dei eldste låvane hadde truleg berre ein etasje. Slike låvebygningar fanst det enno ein del av i Nord-Østerdalen på slutten av 1800-talet. I bygdene lenger sørover langsmed Glåma vart toetasjes låvar einerådane litt tidlegare. (84)

På mindre bruk var det vanleg med berre eitt golv i tillegg til låverommet. Ellers var det som oftast slik at låverommet låg midt i bygningen med eit golv på kvar side. Låven låg da i andrehøgda og hadde kjørebu og dobbelt dør som kunne ta inn digre kjerrelass. Golva på kvar side av låverommet var gjerne opne frå bakken og heilt opp til mønet.

Då Rendalspresten Schultz flytta inn i den nye prestegarden i 1747 tok han sikkert over ein del gamle bygningar etter tidlegare brukarar på Vangen. Blant desse var det ein låve òg. Korleis denne låven såg ut, veit vi heller lite om. Men han har sikkert ruva svært i

gardstunet. Låven var nemleg bygt i to etasjer. Midt i bygningen låg det ein trøskelåve med kjørebu opp til døra. På begge sider av låverommet var det «golv» for loa og føret buskopen skulle ha. I ein åbotstakst frå 1768 heiter det om låven, at sammes Vægge ere passable, skjønt Huuset er gammelt, men taget er brøstfældig og forraadnet» (85)

Jamvel om taket var reparert, tok det ikkje lang tid før den gamle låven var for liten og dårleg. Derfor fekk Johan Heinrich Reinhart bygd ein ny låva då han var prest i Rendalen. Dette må ha skjedd fyrst på 1780-talet. Den nye låven var nok bygd omtrent på same måten som den gamle. Bygningen var «bestående af Gulv og Skygge samt Tærse-Laave derimellem, og Broe optil». Men jamvel om låven var ny, var ikkje ettermannen til Reinhardt nøgd med han. Nordveggen låg rett på bakken utan laftesteinar eller grunnmur. Dessutan var både trøskelåven og rommet under, underlåven for låge. Og sideromma, der det skulle lagrast utrøska korn og ulike slag fôr, var bygde slik at det var vanskeleg å få golv i dei. Under ein åbotstakst i 1787 vart det derfor avgjort at heile låven skulle takast ned og byggjast opp att frå grunnen av, slik at han vart 6 kvarv høgare. (86)

Den same åbotstaksten fortel ellers om ein interessant og oppsiktsvekjande detalj ved låven:

«Taget bestaar af gammelt og deels forraadnet Træe, samt *Gran Bark*, som baade er usædvanlig, og ikke kan ventes lang Nytte af, saa vil samme Tag, med nye Saugbord og Næver omlægges.»

Tak av granbork er svært uvanleg i Østerdalen. Før takstein og bølgeblikk kom i bruk, var mest alle tak i dette distriktet tekte med never og torv. Somme uthus kunne rett nok ha bordtak. Og på 1800-talet vart det lagt steinfliser på ein del bygningar. Men borktaket på prestegardslåven i Rendalen må ha vori noko sjeldsynt og heilt uvanleg i Nord-Østerdalen. På andre kantar av landet derimot hadde granborken vori meire nytta som tekkjingsmateriale.

Telemarkingane brukte slik bork i jordkoiene sine. Desse koiene hadde eit sjelett av smale reiste stokkar. Utanpå stokkane vart det lagt granbork eller bjørkenever. Og utanpå borken eller nevra att låg det jord eller torv. (87) Borken skulle hindre at det kom jord og væte inn i koirommet.

I Mjøsbygdene ser det ut til at granbork har vori brukt til taktekkjing på større hus òg. For nokre år sia fann folk frå Maihaugen eit slikt tak på eit bur i Fåberg. Og lokalhistorikaren Pål Gihle har funni ut at granborktak frå gammalt av har vori svært vanleg på Toten. (88) Borken vart flekt i sevjetida. Kvart borkflak skulle vera omlag 3 alner langt. Desse borkflaka vart lagt på takroa med utsida opp, og med 10-12 borklag over kvarandre. For å halde taket på plass vart det tjukke borklaget pressa nedåt med steinar eller farved. Farved var rajer eller halvkløvningar som låg med jamne mellomrom bortetter taket. Jord eller torv vart aldri lagt oppå granborken. Han rotna fort nok likevel.

I eldre tid la totningane granborktak på store og små bygningar av alle slag. Seinare vart det helst småhusa som fekk slike tak. Tekkjemåten var lengst i bruk på sæterhusa. (89)

Trøskinga var fast vinterarbeid på låven. Kornbanda vart fyrst lagt inn i eit logolv. I sjølve låverommet var det eit trøsegolv. Dette golvet var laga av pløgde bord eller plank som låg så tett saman at kornet ikkje kunne gå til spille gjennom sprekkar i golvet. Når trøskinga tok til, vart kornbanda borne frå logolvet opp på trøsegolvet. Der vart bindilane som heldt banda i hop løyste, og konet vart lagt med rotendane mot veggen og aksa inn mot sentrum av golvet. Oftast arbeidde to karar i lag. Dei gjekk baklengs etter kvarandre rundt låvegolvet og slo taktfast på kornaksa med sliulane sine slik at kornet losna. Sliutrøsking var slitsam og tidkrevjande. På dei store flatbygdsgardane kunne karane ha trøsearbeid på låven mest heile vinteren gjennom, frå firetida om morgonen til langt på kveld. (90)

Under dei økonomiske oppgangstidene sist på 1700-talet vart jordbruket sett under debatt. Interesserte foregangsmenn byrja analysere reiskapar, arbeidsrutiner og driftsmåtar for å sjå om noko kunne gjerast betre. Det var mellom anna fleire som prøvde å laga trøskemaskiner. Blant desse var den navnkunnige Vangsprosten Abraham Pihl. Omkring 1806 bygde han eit digert låvetrøseverk på prestegarden i Vang. Maskina vart driven av ei hestevandring, og skulle greie å trøse omlag 500 kornband i timen. (91) Dette vart bøndene naturleg nok imponerte over. Og etterkvart lærte lokale handverkarar i bygdelaga på austsida av Mjøsa å laga maken til trøskemaskina åt prosten. Midt på 1800-talet finn vi attåtbygde maskinhus på svært mange storgardslåvar

på Hedmarken. (92)

I Rendalen derimot vart det aldri desse digre låvetrøskverka særleg vanlege. (93) Fyrst på 1850-talet fanst det rett nok vassdrivne trøskverk både på nordre Unset og nedre Sjøli. Samstundes var det ein gardbrukar i bygda som skaffa seg ei hakkelmaskin frå Aadals Brug i Løten. Ellers gjekk det smått med innføringa av ny landbruksreiskap i Rendalen. (94) I Gammelprestgarden vart det aldri bygd noko låvetrøskverk. Der vart trøskinga gjort med handmakt.

Eigentleg var det ikkje særleg rart at låvetrøskverka vart lite utbreidde i Rendalen. Desse maskinene var såpass kompliserte at handverkarane i bygda ikkje utan vidare kunne laga dei. For å få noko slikt måtte dei truleg søkje hjelp utanbygda. På Hedmarken var det nokre vangsokningar og furnesingar som hadde lært av prost Pihl. (95) Dei for rundt på gardane og bygde trøskverk. Slike spesialistar fanst ikkje i Rendalen. Dessutan var behovet for slike digre trøskverk langt mindre ettersom kornproduksjonen i Rendalen var mykje mindre enn på flatbygdene. Kva skulle rendalsbøndene med ei kostbar diger maskin som trøska 500 kornband i timen? Kornavlingane var stort sett for små til at det kunne lønne seg å bygge kostbare trøskemaskiner. For maskinene vart verkeleg dyre. På 1850-talet kosta dei frå 80 til 150 spescidalar. (96) Dette var store summar når vi tenkjer på kva arbeidskrafta kosta i førindustriell tid. I 1850-åra kunne årsløna til ein gardskar i Rendalen variere frå 10 til 20 specidalar. I tillegg fekk han fulle klede. Kvinnfolka tente enda mindre. Tenestejentene fekk fulle klede og ei pengeløn på 2-5 speciedalar. Folk måtte vera smålåtne. Ei tenestejente fekk ikkje såpass som ei ku for årsinntekta si, jamvel om ho var flink og velrøynd og fekk høgste løn.

Med slike prisar på manuell arbeidskraft var det ikkje rart at rendølane tykte det var betre å halde fram med sliulen enn å få bygd låvetrøskverk. Byggekostnadene på eit slikt trøskverk var omtrent like store som verdien av ein buskap på 15-20 kyr. (98) Dei store trøskverka hadde dessutan den ulempa at dei vart drivne av ei hestevandring, som oftast med minst 3 eller 4 hestar som trekraft. Så mange hestar var det ikkje mange i Rendalen som hadde. I 1865 var det berre 13 gardar som hadde 4 hestar eller meir i dei to rendalsbygdene. (99)

Rispehus og moseskåle

Sålange det har vori bønder i Nord-Østerdalen må februket ha vori blant dei viktigste økonomiske grunnpillarane for folk i distriktet. Derfor var det ikkje tilfeldig at høyvinna gjerne var den travlaste arbeidsperioden i heile året. Talrike rettstvistar om slåtteland og høytjuveri vitnar òg om kor mykje husdyra hadde å seia for bygdefolket. Store avlingar og godt høy gjorde det mogleg å fø mange dyr, og desse dyra la grunnlaget for ein jamn og trygg velstand. Men høy og halm var ikkje dei einaste fôrslaga som vart brukte. Omkring 1810 drog kaptein Lars G. Heramb rundt på bygdene for å samle opplysningar om «Hornqvæget og Faareavlen» i Noreg. I Rendalen fekk han mellom anna høyre at mose, ris og lauv utgjorde ein viktig del av vinterfôret til krøttera. (100) Desse opplysningane kan vi òg få stadfesta gjennom andre kjelder.

Under arbeidet med matrikkelrevisjonen i 1860-åra oppga mange av rendalsbøndene at dei kvart år rispa lauv som vart brukt til krøtterfôr. (101) Andre prov på at lauvet var eit populært fôrslag kan vi finna i rettsprotokollane. I 1828 stemna Ole Tollefsen Lomnes naboen sin, husmannen Anders Pedersen på Lomnesberget, fordi han hadde stoli ein kjell med 100 kjervar ospelauv i Lomnesmarka. (102) Denne saka er interessant på fleire vis. Ho fortel ikkje berre om korleis folk samla krøtterfôr i utmarka. Vi får òg eit innblikk i tilhøvet mellom ein bonde og undersottane hans. Dei tapa Ole Tollefsen hadde lidd ved tjuveriet vart nemleg takserte. Ein lauvkjerv vart rekna for å vera verdt ein skilling. Heile kjellen med alle dei 100 kjervane vart derfor rekna for å ha ein verdi på om lag 100 skilling. Å samle i hop ein slik kjell gjekk for å vera ein dags arbeid for ein mann. Arbeidskostnadene pr. dag vart rekna til 24 skilling. Vi ser altså at ein gardbrukar som sende ein husmann eller tjenestekar til skogs for å ta lauv ein dag, fekk att verdiar (i form av lauv) som var meir enn fire gonger større enn arbeidskostnadene.

Det framgår som nemnt av vitneprova i denne tjuverisaka at Ole Tollefsen hadde lauvet sitt samla i «kjellar» ute i skogen. Korleis ein slik kjell såg ut, får vi dessverre ingen opplysningar om.

I 1768 høyrer vi at prestegarden i Rendalen hadde eit «Rispe Huus» synnafor Hårset. (103) Nemninga «rispehus» kan tyde på

at dette må ha vori ei løe som vart mest brukt til å lagre lauvkjervar i. Enkjegarden hadde forresten òg eit slikt hus i det same området. Ellers har det nok vori vanleg at folk la lauv i høyløene så langt det var rom åt det. Somme stader vart det dessutan bygd enkle bordskur med pulttak inntil løer og andre hus. Ein slik «lang» kunne gje plas for mykje lauv og anna raskfôr frå utmarka.

I Rendalen var mosen enda viktigare som krøtterfôr enn lauvet. I 1860-åra oppga om lag 85% av gardbrukarane i dei to bygdelaga at dei brukte å kjøre mose frå utmarka til krøttera sine. (104) Mosetakinga var noko meire utbreidd i Øvre Rendalen enn i Ytre. I ytterbygda brukte om lag 73% av gardbrukarane mose i føringa, medan heile 92% av bøndene i øverbygda dreiv med mosetaking. Mengda av mose pr. kufôr kunne ellers variere mykje frå gard til gard. (Sjå figur) Mosetakinga vart gjort på haustparten, helst i fuktig vør. Mosen vart kasta opp i høvelege hauger eller lass. Somme stader kunne han kjørast heim med vogn tidleg på hausten. Men som oftast vart nok mesteparten av mosen heimkjørt med hest og slede etter at snøen hadde lagt seg.

Mose var særleg mykje brukt som kufôr. Men sauene fekk òg mykje fôr av dette slaget. Før føringa kunne ta til vart den stivspekte mosen oppskoren i høvelege klumpar og lagt på mosekjellen i fjøset til tining.

Dyra fekk helst mosen bar, ikkje i låg eller blanding med andre fôrslag. Det gjekk omlag 6 kilo mose på ei føreining. (105) Og mosen var godt eigna som fôr. Både bønder og dyrlækjarar merkte at mangelsjukdommar på krøttera vart vanlegare etter krigen då mosefôret av ulike årsaker etter kvart vart erstatta av silo. (106).

Alt i 1768 får vi det første skriftlege provet på at prestegardsfolket drog til moserabbane i fjellet etter krøtterfôr I ei takstforretning frå dette året høyrer vi om «Eet Ildhuus østen paa Bierget at ligge udi, naar mose hentes». (107) Ei «måssåbu» altså. Truleg ei enkel ljørbu der folk kunne kvile og til og med overnatte om det skulle bli naudsynt. Ei slik bu kunne nok vera god å ha, både om hausten då mosen vart ihopsamla, og seinare på vinteren når moselassa skulle hentast heim med hest og slede.

Presten åtte forresten ikkje mosebua åleine. Han og Nils Hårset hadde kvar sin halvdel. Og det var neppe pengemangel som gjorde at dei ikkje bygde kvar si bu. At desse to gardane delte husrom i

mosefjellet hadde nok andre og meir praktiske årsaker. Både prestegardsfolket og karane frå Hårset samla truleg mosen sin så nær mosebua som råd. På det viset vart moselassa til desse to gardane liggjande i nærleiken av kvarandre. Dette var ein stor fordel når vinteren kom. Då kunne gardane gå saman om å kjøre opp sledevegar til dei stadene der moselassa låg. Ellers var jo mosen alltid stivspekt. Derfor kunne det vera fint om folk frå fleire gardar kunne henta mose i lag, slik at dei kunne hjelpast åt med det tunge arbeidet.

Etter at mosen var heimkjørt, var det fint å få han under tak så han ikkje snødde ned. På nokre gardar hadde dei særskilde *moseskålar*. Ein slik skåle er nemnt blant dei husa som gjekk med under storbrannen på Hangarden i 1786 (108). Moseskålar er óg nemnt i yngre branntakstar. Men på prestegarden har vi ingen sikre prov på at det har stått noko slikt hus. Derimot veit vi at Anders Lie Bull fekk bygd ei ny løe på 1830-talet. Og i denne løa var førstehøgda delt i «2de Afdelinger eller Lader, nemlig en til Hø og en til Mose». Her vart mosen liggjande heilt til den skulle brukast. Då vart han som nemnt lagt på mosekjellen i fjøset til optining.

Løer

På dei fleste gardane i Rendalen ser det ut til at låvebygningane har vori blant dei mest ruvande husa i gardstuna. Slik var det i gammelprestgarden óg. Låven hadde både trøskerom, kornrom, høylåve og halmskåle. Men låven romma slett ikkje alt krøtterfórt det var behov for. Midt på 1800-talet var det i alle høve ei eiga høyløe i prestegardstunet. Denne løa var 7,5 meter lang og 7,5 meter brei. Høgda til raftstokken var snautt 4,5 meter. Løebygningen var delt i tre rom. Huset sto mellom låven og fjøset. (109)

Janmvel om Gammelprestgarden hadde både låve og løe i sjølve gardstunet, hadde ikkje desse bygningane på langt nær plass til alt vinterfóret som trongst på garden.

I Nord-Østerdalen var det vanleg at gardane hadde ein god del engeslåtter på ulike stader, - ofte eit godt stykkje unna sjølve gardstunet. På desse slåtteteigane var det gjerne satt opp særskilde høyløer, enkle bygningar med berre eit rom og ei lita dør eit

stykkje oppe på den eine gavlveggen. Herifrå vart høyet kjørt heim til gards på sledeføre om vinteren etter kvar som det vart bruk for det.

Løene hadde som oftast namn etter utslåttane dei låg på. Gammelprestgarden hadde mange slike slåttløer. I eit dokument frå 1768 høyrer vi om Bråten, Bortteigen, nordre Rønningen, Heggen, Graven og Milskiftet (110). Under ein åbotsforretning knapt 100 år seinare er det nemnt enda eit par engeslåtter der det sto utløer, Heienga og Huenga (111).

Vognskjul

Ein god gardbrukar måtte stelle godt pent med gardsreiskapen sin. Utstyret skulle ikkje stå ute i ver og vind når det ikkje var i bruk. Ljåar, river, hakker og annan handreiskap var gjerne hengt opp på ein vegg ein stad der dei var lette og ta att. Andre ting var kanskje stukke inn under eit stabbur eller eit låvegolv. På slike stadar låg ofte kornstaur og anna som vart brukt oppatt år etter år. Dersom husa sto i ei bratt skråning slik at det var godt om rom under golvet, kunne kanskje plogar, ardar og annan åkerreiskap lagrast på same måten. Men til sledar, vogner og andre større ting trongst det helst eige husrom. Derfor vart det bygd særskilte reiskapssjul på mange gardar. I Gammelprestgarden var det til og med to slike hus ei tid. Like før 1820 byrja Østerdalsprosten å føre protokoll når han var på visitasreise i ulike kyrkjelydar rundt omkring prostiet. Dei første åra laga prosten nøyaktige oppgåver over bygningane på dei kyrkjelege embetsgardane. Derfor veit vi at rendalspresten hadde to reiskapsrom omkring 1820. Den eine låg i den såkalla «nysalen», det andre var i eit eige lite hus som var bygd attmed stallen i prestegarden. «Nysalen» er nemnt i fleire av dei eldste branntakstforretningane. Det vesle reiskapshuset ved sida av stallen veit vi derimot ikkje mykje om. Det er berre såvidt nemnt i dei eldste visitasoppteikningane til prosten. Kanskje var det berre eit enkelt bordskur med tak over og ein åpen vegg fram mot tunet. Gjennom ein slik åpen vegg kunne sledar og hjulreiskap skuvast når hestane vart fråspente framfor stalldøra.

Det var ikkje alltid like lett å ta over eit soknekall. Då presten Storm kom til Rendalen i 1838, måtte han kjøpe to bygningar f orgjengaren Anders Lie Bull åtte. Det gjaldt eit loft og eit

vognsjul (112). Vognsjulet i Gammelprestgarden gjekk som vi har vori inne på under namnet «nysalen». Nysalen var eit tohøgda hus som truleg var bygt i presten Mandall si tid (113). Bygningen var vel 5,5 meter brei og over 9 meter lang. Grunnflata vart altså drygt 50 kvadratmeter. I underetasjen vart mesteparten av plassen nytta til vognsjul. I andrehøgda var det ein gang, eit store rom, eit lite kott og ein dass. Det digre rommet på andrehøgda hadde fire blyvindauge, alle omtrent trekvart kvadratmeter store. Ellers fanst det ingen ildstad i huset, korkje omn eller peis, så rommet i andrehøgda kan ikkje ha vori særleg godt egna til bustadformål om vinteren (115).

I den vestre enden av bygningen vart det ellers påbygd ein bindingsverksgang. Frå denne gangen gikk det ei trapp opp til andrehøgda.

Når nysalen var bygd veit vi ikkje sikkert. Det vi veit er at han vart nedriven først på 1850-talet medan Mathias Bull var prest i Rendalen. I staden fekk Bull bygd ein ny «nysal» eit stykke nord for tomta etter den gamle. Dette skjedde i 1854 (116). Den nye nysalen låg snautt 25 meter nord for hovudbygninga i prestegarden. Han hadde omlag same grunnflata som den gamle, berre 4-5 kvadratmeter større. Men den nye nysalen var nok likevel både meire rommeleg og praktisk. I førsteetasjen var det ein gang og eit stort lagerrom. Ovanpå var det óg ein gang og to rom med kvar sin etasjeomn. Under bygningen var det gravi ein kjellar me nedgang gjennom golvet i førsteetasjen (117).

Nysalen var nok både føremålstenleg og moderne då han vart bygd i 1854. Men synet på kva som var vakkert og praktisk endra seg raskt i førre århundre óg. I 1879 var det ei synfaring i prestegarden. Takstmennene var ikkje synderleg imponerte over det dei såg. Den 23 år gamle nylsalen heldt ikkje for tidas krav. «Huset, hvis Bestemmelse antages at være til Modtagelse af Bispe og Provst (det kaldes Bispesalen), er over al Beskrivelse stygt og upassende for sin Bestemmelse.» (118)

Som vi skjønner ut frå planløysinga, var ikkje nysalen noko vanleg vognskjul. Bygningen vart brukt til mykje anna óg. I den sjølbiografiske boka «Prestens Søn», fortel Jacob Breda Bull at ha og broren smaug seg opp på nysalen medan bestemora låg og skulle døy. (119) Stilla, redsla og uvissa som følgde med dauden var ikkje så påtrengjande der. Alt var liksom så kvardagsleg. «Der

hadde været en Skomaker paa Nysalen for nogen Dage siden, der var en stram Lugt av Lær og Beg, der laa Skoplugg paa Gulvet, der laa igjen Lærremser og andet.»

Handverkarar var det stadig i gardene før i tida. Dei drog frå gard til gard og kom att år etter år. Ved sida av skomakaren ar det truleg skreddaren det var mest spurlag etter. I 1865 budde det 15 skomakarar og 9 skreddarar i Øvre Rendalen (120). Klede og skotøy høyrd mest alltid med i tenarlønna på ein gard før pengeøkonomien slo igjennom. I Nord-Østerdalen var slike naturalytingar heilt obligatoriske til slutten av 1800-talet. Då kom jernbanen, og talrike landhandleri vaks fram i distriktet. På dette viset vart varetilgangen større, og industriprodukt erstatta etter kvart mykje av det arbeidet dei gamle bygdehandverkarane hadde gjort. Men den gongen Gammelprestgarden var i drift var det fortsatt godt om arbeid for handverkarane.

Nysalen vart ei tid brukt som bustadhus óg. Då Mathias Bull var sokneprest i Rendalen, budde Mikkell Embretsen på Nysalen. Mikkell var eit bygdegeni. Jacob Breda Bull har teikna eit sjarmerande og livfullt billete av han i folkelivsskildringa om «Tusen-Mikkell» (121). Oppnavnet sitt hadde han vel fått fordi han var noko av ein tusenkunstnar. Breda Bull fortel at han var «smed og dreier, snekker og skomaker, blikkenslager og børsemaker, hestedoktor og kudoktor, ja knep det riktig, var han ikke redd for å gi seg i kast selv med folk som hadde fått en eller annen sott eller verk og ikke kunde nå fram til doktor.»

Og i skildringa av den namnjetne og høgt respekterte tynsetprosten Anders Lie Bull, nemner Jacob Breda Bull at prosten budde på bisperommet i nysalen kvar gong han var visitas i Rendalen.

Badstua

Badstua har lange tradisjonar i Nord-Europa. Alt i romartida har vi skriftlege kjeldar som fortel at germanarane tok dampbad. (123) I Noreg veit vi at denne skikken var vel kjend i sagatida. I mellomalderen fanst det badstuer både i byane og på landsbygda. I badstuene kunne folk ta dampbad og slappe av etter strev og hardt arbeid. Og i byene var det faktisk sjenkestader i samband med mange av badstuene. Desse badstuene vart etterkvart offentlege samlingsstader som hadde eit yrande folkeliv drikk,

brettspel og anna moro. men i denne moroa følgde det óg fyll og slagsmål. Miljøet omkring badstuene trekte dessuten til segprostituerte. Og då dei veneriske sjukdommane byrja å breie seg i tida etter reformasjonen, var badstuene rekna for å vera mellom dei farlegste smittekjeldene. Derfor forsvann desse husa etter måten brått frå byane. På landsbygda vart det óg etter kvart slutt med at folk tok dampbad. Berre dei finske innvandrarane som kom til Noreg på 16 - 1700-talet har haldi denne skikken i hevd fram mot vår tid. Men sjøl om det var slutt me badstubadinga, forsvann ikkje badstuene frå bygdene likevel. Dei vart ikkje berre brukte til å ta dampbad i. Badstua var framfor alt *tørkehuset* på ein gard.

Badstuene var alltid små bygningar. Liksom smiene sto dei helst på god avstand frå resten av tunet. Innbuet var svært enkelt. Ein av branntakstene fra Gammelprestgarden seier slik:

«I Bygningen er sædvanlig Graastensovn og 2de Korngjelder samt laasfærdig Indgangsdør.» (124)

Omnen tok størstedelen av plassen i badstuerommet. Han sto midt på golvet og var oppmurt av vanleg grov åkersten uten bindemiddel. Omnen såg mest ut som ei lita steinrøys.

Varmetapet frå badstua skulle vera minst mogleg. Varmen måtte ikkje forsvinne ut med røyken. Derfor var det aldri skorsteinspipe i badstuene. Røyken gjekk rett ut i badstuerommet. Den varme røyken og den gloheite steinommen ga god tørk. Inne i steinkvelvingen var det rom åt mye ved. Digre røtter og kollbjørkkubber det var uråd å kløyve til kostved, gjekk lett inn i badstuerommet. Ellers var folk nøye med veden. Frå flatbygdene på Hedmarken veit vi at grana ikkje var bra nok. Det måtte vera lauvved, men kabbane kunne gjerna vera grove. «Til å fyre med så diger ved, kunne en nesten ikkje få sterkt nok kar,» sa ein gammal furunesing. (125)

Badstua vart som nemnt brukt til korntørking. Kornet vart lagt på hjellar eller karmar langsmed langveggane. Badstukarmane var laga av pløyde bord som var pressa godt i hop, slik at det dyrebar kornet ikkje skulle falle gjennom sprekkar og hamne på jordgolvet.

Branntakstane frå Gammelprestgarden legg stor vekt på at badstua hadde «laasfærdig Dør». For oss som lever i dagens velstandssamfunn, kan det kanskje verke underleg at folk låste eit

hus som inneheldt berre ein gråsteinsomn og ein to-tre hyller. Men tenkjer vi oss vel 100 år attende kjem vi til ei tid då fattigdom og matløyse prega kvardagen i mange heimar. Før dei moderne kommunikasjonsmidla kom med billeg amerikansk importkorn, var det nok mange som sleit vondt for å skaffe mjøl nok tildet daglege brød. Under slike tilhøve kunne det nok vera freistande for ein som åtte lite, å stela litt frå ein som hadde meir. Og derfor passa folk på å låse inn kornet sitt skikkeleg anten det låg på stabburet eller på badstukarmen.

Det var først og fremst korn som vart tørka i badstua. I dei rike jordbruksbygdene på Hedmarken vart det sagt at badstua var eit like så nødvendig hus som fjøs og stall. I Rendalen var sjølsagt kornavlingene mindre. Sjøl i relativt gode år måtte nok mange rendøler handle til seg korn frå flatbygdsbønder som kom oppover dalen på ferdesreiser. Men badstua var like naudsynt for det. Kornet måtte tørkast anten det var avla heime i Rendalen eller kjøpt utanfrå. Som nemnt kunne det ofte vera vanskeleg å få modne kornavlingar i distriktet. Dette gjorde badstua enda viktigare. For å berge grøden i dårlege år, kunne det vera naudsynt å ta kornet inn på badstua til ettermodning. Korntørking på badstua gjekk føre seg en, kanskje to gonger om året. Hovudtørkinga var på ettervinteren. Dette var ein stille periode utan særleg stort arbeidspress, og folk hadde tid til å røkte fyinga i badstuomnen. Kornet var ferdig trøska, men måtte tørkast før det kunne frakast til kverna. Både badstutørkinga og fraktinga til kverna skulle helst foregå før vårløysinga medan det enno var skikkeleg sledeføre. Både badstu og kvernhus låg ofte slik til at det var lettare å frakte kornet dit med slede enn med hjulreiskap.

Som nemnt gjekk mesteparten av korntørkinga føre seg seint på vinteren. Men det hendte óg at noko av årsavlinga vart tørka før jul. Slik hausttørking var særleg vanleg i år då forrådet etter forrige årsavling var lite.

Ved sida av korntørkinga vart badstua óg brukt til andre ting. Før jul vart det gjerne brygd maltøl på alle gardar. Og da var badstua beste staden å tørke maltet på. Ellers hende det at det kom snikkarar til gards. Kanskje trongs det nye møbel eller panel på veggane i storsalen. Til slikt arbeid var det viktig å ha gode meterialer. Derfor var det vanleg å leggje dei i badstua før snikkarane kom.

Smia

1789 er eit merkeår i europeisk historie. Folk i Paris gjekk til åtak på fengselet Bastillen. Dermed var den franske revolusjonen i full gang. Politikarane krangla og kjempa om makt. Om mange vart dømde til å misse livet i guillotinen. Desse dramatiske hendingane ante nok ikkje østerdølane på denne tida mykje om. I tida før avisar og kringkasting var det nok berre lokale tilhøve folk var opptekne av. Ver og vind var nok daglege samtaleemne da som no. Folket i fjellbygdene var sikkert interesserte i utsiktene for årsavlingane og prisane på kornvarer og sagtømmmer. I Rendalen var det truleg eit par andre ting som opptok folk i 1789 òg. Dette året var på mange måtar eit katastrofeår. Ein uvanleg kraftig flaum gjorde stor skade på mange av gardane i bygda. Men flaumen var ikkje den einaste ulykka som ramma rendølane dette året. Ein kald og stormfull vårdag braut det ut storbrann på Lomnesgardane. Tre gardbrukarar vart ramma av brannen. (126) Gardane deira låg tydelegvis i ei tett samla klynge. Kwart bruk hadde 12-13 hus. Tilsaman var det 37 hus på dei tre gardane. 22 av dei vart øydelagde under brannen. Største tapet hadde Tollef Pedersen i Utstu Lomnes. Han mista 10 hus «saa der ikkun blev tilbage en gl. Badstue og en Smide, som ere ubrugelige.» Dette er vel eigentleg ganske karakteristisk. Smia og badstua var dei bygningane på ein gard som var mest eldsfarlege. Derfor vart dei alltid plassert litt unna dei andre husa. Og når elden oppsto i sjølve gardstunet var desse husa dei einaste som sto langt nok unna til å vera trygge for varmen.

Det er ikkje lenge sidan smia var eit uunnverleg hus på alle gardar. Før mekaniseringa trengde inn i jordbruket, var det gjerne skikk at gardbrukarane sjølve laga mykje av den reiskapen som dei brukte i gardsdrifta. Dei mest brukte råmaterialane til slik reiskap var tre og jern. Ein god bonde måtte vera både skikkar og smed. Rett nok fanst det yrkessmedar i alle bygder. På vintermarknadene på Røros og Grunset var det dessutan alltid svenskar som selde jernvarer (126). Men både bygdesmedane og svenskane forlangte blanke skillingar for arbeidet sitt. Og kontante pengar hadde ikkje folk for mykje av. Derfor vart det gjerne til at dei hjelpte seg sjølve så godt dei kunne. Bygdesmeden vart helst berre

brukt til spesialistarbeid som kravde uvanleg godt handlag og sikker røynsle.

Smiene var som oftast små og enkle hus. Vanlegvis var det berre eitt rom. Prestegardssmia i Rendalen var om lag 5 meter lang og 5 meter brei. Inngangsdøra til smia var truleg på gavlveggen slik det er vanleg i Nord-Østerdalen. Innbuet ellers var enkelt. Inntil ein av veggane var det oppmurt ei esse. Ved sida av essa var det ein blåsebelg, og framfor varmen sto det alltid ein stabbe med ein ambolt. Eit herdekar må vi òg tru det har vori i nærleiken. På ein av veggane i prestegardssmia var det ei glugge. Under denne glugga sto det truleg ein arbeidsbenk. Kva som fanst av arbeidsreiskap i smia veit vi ellers lite om. På auksjonen etter presten Storm i 1846 vart det selt ei skrustikke som sikkert hadde stått på arbeidsbenken under vindaugsglugga. (127) 7-8 andre ting frå smia vart òg frambodne på auksjonen. Blant desse var det smiebelgen som hadde den høgste økonomiske verdien. Han kosta 4-5 ganger så mykje som ambolten. Ellers var ei slegge, ei krottang og eit par smietenger blant den viktigaste reiskapen.

Brenslet i smia var trekol. Kolet låg truleg i ei kasse eller ein særskilt kolbinge. Men trekol vart brent i digre miler, og alt kunne ikkje lagrast inne i smierommet. 2-3 meter nord for smia sto det eit lite kolhus. (128) Kolhuset var kvadratisk og hadde bindingsverksveggar. Golvflata var berre om lag 6 m². Bygningen vart riven omkring 1850, utan at det vart reist noko nytt kolhus på garden.

Det er sannsynleg at prestegardsfolket har brent det trekolet dei trong sjølv. Kanskje har dei til og med brent for salg. Blant gardsreiskapen fanst det i alle høve ei kolkorg som må ha vori nytta til å frakte kolet ut av milene med. (128)

Frå gammalt av har ellers trekolbrenninga vori ei viktig næringskjelde i Nord-Østerdalen. Kolet vart nemleg ikkje berre brukt i gardssmiene. Gruveindustrien i distriktet trong òg brensel. Dette gjekk hardt ut over skogen, særleg i dei nørdeste bygdene. Men rendølane selde òg kol til smeltehyttene. Dei fleste leverte til Lovise smeltehytte på Alvdal, men enkelte drog òg heilt til Tolga. På siste halvdel av 1850-talet vart det i årsgjennomsnitt selt vel 180 laster (omlag 2200 tønner) trekol frå Rendalen til smeltehyttene i Alvdal og på Tolga. På denne tida byrja forresten koltrafikken å bli stadig mindre. Og då jernbanen kom i 1870-åra, vart det heilt slutt på leveransane til bergverksindustrien. På

samme tida kom det truleg steinkol som erstatta trekolet i mange av gardssmiene òg.

Kvernhuset

Frå gammalt av skal prestegarden ha hatt kvernhus i den vesle bekken Lysinga. Dette kvernhuset er nemnt alt i 1768. (130) Det er rimeleg å tru at kverna etter kvart vart for lita og dårleg. Kanskje ho låg vanskeleg til òg. Det er i alle høve tydeleg at prestegardsfolket etter kvart fekk mali kornet sitt andre stader. I 1823 høyrer vi at der «lille Quernhuus ved Bækken Lysingen som Præst efter Præst vedligeholder, mod aarlig Afgift er bortforpagtet til Halsteen Sletten.» (131)

Saga

I Noreg kom vasdrivne oppgangssager i bruk på slutten av mellomalderen. På 1500-talet var det mange slike sager i kyststroka. (132) Folk i desse områda dreiv ein livleg trelasthandel med landa på den andre sida av Nordsjøen. Både rundtømmer og skoren plank vart eksportert til høge prisar. I innlandet var tilhøva for trelasthandelen langt vanskelegare. Fløting og frakt av virket vart både dyrt og tungvint. Men etter kvart som skogen i kyststroka vart uthoggen, måtte trelasthandlarane søke opp i Austlandsdalane for å skaffe seg meire virke. Frå Østerdalen vart det sjølsagt berre selt rundtømmer. Før jernbanen og dei moderne bilvegane kom, kunne jo ikkje skorne materialar fraktast heilt til Kristiania på rekningsssvarande vis. Dei eldste vass-sagene var derfor reine bygdesager. De skar berre for å dekke lokale behov.

Den fyrste presten flytta inn i Gammelprestegarden i Rendalen på midten av 1700-talet. På denne tida var det omlag 25 sager i dei to Rendalsbygdene. (133) Presten sjøl hadde inga sag, men han fekk truleg skori materialar hjå ein av grannane på Berge eller Hårset. Seinare veit vi at presten fekk bygd seg sag ihop med Hårsetgardane, Lykkja, Storstu Berge, Klokkargarden, Berset-sveen og Brua. Denne saga låg i Hårenna.

Hårennsaga var berre ei flaumsag. Ho kunne berre brukast nokre få veker i året. Saginga tok truleg til i midten av mai og heldt fram sålange vårflaumen varte. (134) Kom det mykje regn utover

sommaren, kunne kanskje saga gå nokre dagar da òg. Men alle lotteigarane ønskte sjølsagt å bruke saga i den tida vassføringa var på det beste. Dette kunne lett føre til krangel. I 1829 vart dei derfor samde om å sette opp ei kontrakt som skulle sikre rettvis utnytt- ing av saga. (135)

I sagbrukskontrakta sto det at alle lotteigarane i fellesskap skulle utnemne ein sagmeister. Denne sagmeisteren skulle ha einerett på sagdrifta. Saginga skulle ta til om våren så snart det vart stor nok vassføring i Hårenna. Lotteigarane fekk bruke saga etter ein fastlagt turnus. I 1830 var det Brua som hadde førsteretten. Deretter kom gardane lenger nord etter tur heilt til Klokkar- garden. Så sto søgarden Hårset for tur. Derifrå gjekk det nordover att. Året etter var det Prestegarden som skulle byrje saginga. Deretter var turnusen den same som året før, men nå var Brua den siste garden som fekk bruke saga. Slik skulle turnusen for Hårennsaga halde fram. Den garden som fekk sage fyrst det eine året, måtte vente til slutt året etterpå.

Sagbrukskontrakta sette og ei øvre grense for kor mykje kvar lotteigar skulle få saga kvar gong. For dei som hadde full lott var 4 tyltar maksimalkvantum. Brua, Klokkargarden, Storstu Berge og Bersetsveen hadde berre halve lottar. Derfor fekk ikkje desse gardane skjere meir enn 2 tyltar om gongen. Dersom ein av gardbrukarane ville skjere meir enn han hadde kvote til, måtte han vente til alle dei andre lotteigarane hadde brukt saga.

Båthuset og fiskebua

Båtar er noko som får oss til å tenkje på måkeskrik og ramsalt sjø. Men slik treng det ikkje vera. Også i innlandsbygdene har båtene vori eit viktig hjelpemiddel. Når nokon skulle over ei elv eller ein liten sjø, var som regel båten det raskaste og beste framkomst- middelet. Under fiske kunne han òg vera til god nytte. Lettaste måten å komma til fiskeplassane på, var mange ganger å ro. Dessutan var det ofte godt å ha ein båt når fiskereiskapen skulle setjast ut i elver og vatn.

At båten var særleg viktig for rendølane er det ikkje vanskeleg å forstå. Bygda var vidt kjent for sine mange fiskerike elver og vatn. Og før i tida var fisk blant dei produkta rendølane hadde overskot på. Mykje av denne fisken vart seld utanbygds. Så seint som på

1930-talet var det ikkje sjeldan at Hamarkjøpmennene prøvde å lokke til seg husmødrene med skilt der det sto «fin Rendalsrøe».

I 1870-åra var det ein mann i Rendalen som levde av å bygge båtar. Og på Bjonngarden budde det ein gamal innerst som livnærte seg ved å binde garn og nøter. (136)

Gammelprestgarden hadde matrikulerte fiskerettar, både i Rena og Sølensjøen. For å kunne dra full nytte av desse fiskerettane måtte ein ha båt og husly for båten og fiskarane. På Sølensjøen hadde prestegarden fiskerett i lag med Hårsetgardane, Berger, Berset, Handgarden, Mømb, Bjonngarden og Nordset. (137) Desse gardane dreiv eit intensivt notfiske etter sik og røye 3-4 veker kvar haust. Medan dette fisket pågjekk, heldt fiskarane til på Fiskevollen, eit slags fiskevær der dei ulike gardane hadde våningshus, båt, naust og tjell (reiskapsbuer). Om husa som prestegarden har hatt på Fiskevollen, fortel dei skriftelege kjeldene svært lite. Berre i 1768 er det ein liten merknad. (138) Då stemna soknepresten Simonsen den forrige presten, Bastian Engelhart, til å betala erstatning for bygningar han hadde latt forfalle. Under saka kom desse opplysningane fram: «At her til Præstegaarden skal have været et Fiske Nøster ved Søl-Søen som Hr. Engelhart tilstod at have solgt, og derfor anbød i sammes Stød et af ham opbygget Baathuus som eqivalent derimod, hvilket Hr. Magister Simonsen antog for godt.»

I 1871 rekna rendalslensmannen 1150-1300 kilo fisk for å vera ei normal fangstmengd ved haustfisket på Sølensjøen. Kor aktivt prestegardsfolket har vori med i Sølensjøfisket til ulike tider veit vi ellers lite om. I 1872 vart det sett opp ein kontrakt som skulle regulere fisket i sjøen. Lotteigarane vart delte i 4 lag: Hangardslaget, Bergelaget, Hårsetlaget og Bersetlaget. (140) Kvart lag besto av gardar som til saman hadde 5 lottar. Gammelprestegarden var med i Bergelaget. Her var Prestegarden og Enkjegarden dei største lotteigarane med ein heil lott kvar. Lykja, Brua, storstu Berger og søndre Nordset hadde halvlottar, medan gammelstu og veslestu Berge hadde berre kvartlottar.

I den nordre delen av Rena vart det òg teki mykje fisk. Når siken skulle opp for å gyte om hausten, var fangstane på denne elvestrekninga like store som i Sølensjøen. Men prisane på siken var låge. Sølensjørøya kosta over dobbelt så mykje, så det økonomiske utbyttet av sikfisket vart sjølsagt mindre. Gammel-


prestegarden hadde truleg etter måten liten del i haustfisket i Rena. (141) Mesteparten av fisken vart teken med not og sløe i Elvålsområdet. Derfor var det sannsynlegvis ikkje berre med tanke på fisket at rendalsprestane hadde båt og båthus ved elva. Like viktig var det truleg at båten var eit framifrå transportmiddel for dei som ville over elva utan å gå rundt om brua. Fram til 1829 hadde Gammelprestgarden innmarkssameige med Enkjegarden, Berge, Lykja, Brua og Nordset. (142) Delar av dette sameiget låg på austsida av Rena. Derfor var det sikkert praktisk for folket i Prestegarden å ha ein båt når dei skulle over til slåttelandet på andre sida av elva.



At dette slåttelandet var mellom dei viktigaste årsakene til at det var båthus ved elva, skjøner vi kanskje når vi ser på dei skriftlege kjeldene. Etter at jordvegen var utskifta, slik at Prestegarden fekk all innmarka si samla på vestsida av elva, høyrer vi at båthuset var gammelt og nedraadnet.» Seinare vart det aldri reparert eller oppattbygd. Dette tyder på at båthuset ikkje lenger hadde nokon viktig funksjon i gardsdrifta.

Båthuset var eit enkelt, lite, rektangulært tømmerhus. Huset var 5 meter langt og vel 3 meter breitt. (143) Som båthus flest sto det truleg med den eine gavlen like ut mot elvebredda. I denne gavlen var det truleg ein brei dørøpning slik at båten kunne trekjast inn under tak når han ikkje var i bruk.

HESTEHOLD I RENDALEN 1865

Antall
husstander






Husa og tunet

Vi har no sett litt på dei ulike hustypane som fanst på den gamle prestegarden i Rendalen, – frå den første presten kom dit i 1747 til han vart nedlagt som sjølstendig gardsbruk omkring 1880. Bortsett frå sæterhusa har vi vori innom dei fleste hustypane som fanst på velstandsgardar i Rendalsbygdene i denne perioden. Vi har òg fått eit slags inntrykk av *kvifor* dei ulike hustypane sto der, – kva dei betydde for garden som *produksjons- og konsumsjonseining*. Kvar einskilds bygning hadde sin funksjon. Om eit hus fekk dårleg vedlikehald eller rett og slett brann opp, kunne dette få heile gardsdrifta til å halte. Mest alle dei hustypane vi har nemnt trongst for å kunne oppretthalde effektiv drift på garden.

Og dei forskjellige bygningane sto på mange vis i eit slags bruksmessig avhengighetstilhøve til einannan. Det var til dømes meiningslaust å ha fjøs, dersom ein mangla løerom til høy, halm, mose og lauv. Og på same viset var både låve, badstu og stabbur bygningar som måtte til for å kunne drive skikkeleg med kornavl.

Det var ellers viktig at storleiken på dei ulike husa var avpassa etter kvarandre. Løene ein gard rådde over skulle helst vera så store at det var plass til den førmengda som skulle til for å berge ein full besetning på fjøset gjennom vinteren. Samstundes var òg storleiken på bygningane avhengig av dei jordviddene som fanst på garden. Det var toskeskap å byggje eit fjøs som hadde rom åt mange fleire krøtter enn garden hadde før til. Dette er sjølsagt også viktige ting for dei som skal eit museum der gamle hus vert samla i «tun». Eit slikt tun bør innehalde flest mogleg av dei bygningane som trongst i drifta av ein gammal gard. Og storleiken på dei ulike husa må stå i eit rimeleg tilhøve til kvarandre. Det ville vera galskap, ja, direkte historieforfalsking, å sette opp eit husmannsfjøs ved sida av ein storgardslåve, og narre folk til å tru at desse to bygningane kunne høre heime i same tunet. Med tanke på Bullmuseet i Rendalen ville det vera naturleg om dei husa som vart flytta dit, kom frå gardar som i førre hundreåret var omtrent jamstore med prestegarden. Opplysningar om slike tilhøve kan vi finna gjennom matrikkeltakstar, branntrygdingsdokument eller oppgåver over krøtterhald og kornavlingar.

Under omtala av dei einskilde bygningane i det gamle prestegardstunet har vi hørt kvar i tunet mange av husa låg. Hovud-



Omlag slik må gardstunet i Prestgarden ha vori ordna først på 1850-talet. Bastova, smia, kolhuset og båtnaustet låg lengre aust mot elva og desse bygningane er derfor ikkje med på teikninga. Skissa er laga på grunnlag av branntakstar frå 1845 og 1836.

bygningen og «Nysalen» sto i den øvre delen av tunet medan fjøset og låven låg nedst. Stabburet, koppbua og bryggarhuset låg nordanfor dei andre bygningane, medan smia og badstua to lenger aust mot elva.

Ellers er det ikkje lett å danne seg eit meire nøyaktig bilete av korleis det gamle tunet var ordna. Det har eksistert kartriss over tunskipnaden. Under ei branntakstforretning i 1856 vart det teikna eit slikt grunnriss. (144) Og i 1878 laga byggmeister Herman Frang på Hamar fleire teikningar frå Gammelprestgarden med tanke på ombygging og restaurering av husa der. (145) Men ingen av desse teikningane finst i dei offentlege arkiva våre.


På eit utskiftingskart frå 1820-åra er gardstunet innteikna, (146) men dette kartet er dessverre vanskeleg å bruke fordi målestokken er så liten. Dessutan finst det korkje åbotsforretningar eller branntakstar frå denne perioden som kan krysskontrollerast med kartet. Derfor må vi berre gjette på kva hustypar som skjuler seg bak dei forskjellige små rektangla på kartet. Det einaste sikre vi kan seie ut frå utskiftingskartet er derfor at prestegardshusa på 1820-talet var ordna i eit slags firkanttun.

I 1879 vart det utarbeidd eit kart over alle jordareala som hørte inn under den gamle prestegarden. Dette kartet har òg svært liten målestokk. Gardstunet er innteikna, men ettersom målestokken er så liten, kan vi likevel ikkje sjå korleis tunet såg ut i detalj. Bygningane er berre avmerkte som små firkantar, og det er ikkje påskrivi kva slags hus dei ulike firkantane representerer. Men vi kan i alle høve fastslå at prestegardstunet i 1879 fortsatt hadde omlag den same rektangulære formen som vi fann på utskiftingskartet frå 1820-åra.

Jamvel om vi ikkje har skikkelege kartriss over tunet i Gammelprestgarden, kan branntakstprotokollane hjelpe oss til å løyse dette problemet òg. Der kan vi nemleg finne opplysningar om storleiken på dei forskjellige husa og avstanden til andre bygningar. På grunnlag av desse oppgåvene har eg prøvd å laga ei kartskisse over tunet slik det truleg var omkring 1850. Kartet er neppe heilt presist. Branntakstane fortel om avstanden mellom dei ulike bygningane, men seier ikkje noko om vinkelen dei hadde i høve til einannan. Ut frå denne skissa kan vi i alle høve skilje ut nokre generelle hovudtrekk:

1. Våningshusa låg i den øvre delen av tunet, nærmast Kongevegen.
2. Uthusa låg i den nedre delen av tunet. Dette var sikkert ei praktisk løysing, blant anna fordi gjødsla frå fjøset kunne sige nedover åkerjorda nedanfor tunet.
3. Brannfarlege bygningar som bryggerhus, badstu og smie låg på trygg avstand frå resten av tunet.

Det er altså ikkje heilt riktig det som vart hevda i 1875, - at «hele Præstgaardens Bebyggelse er meget planløs og uhensigtsmessig anlagt» (147). Snarare tvert om. Utforminga av hus og tun var prega av erfaring gjennom mange generasjonar. Og slikt kan det vera godt å veta for dei som i dag bygger museum på tuftene av den gamle prestegarden.



Kjelder:

1. Sandvik, A: I praksis og på samlerferd. Oslo 1943.
2. Sandvik, A: I praksis og på samlerferd. Oslo 1943, s. 113.
3. Fladby/Imsen/Winge: Norsk historisk leksikon, 2. oppl. Oslo 1974. Oppslagsord: Branntakst.
4. Jfr. branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, Statsarkivet på Hamar.
5. Kiil, A: Arkivkunnskap, Statsarkiva. Oslo/Trondheim 1969.
6. Visitasprotokoll for prosten i Østerdalen. Statsarkiv på Hamar.
7. Jonsson, Tor: Autoritetsguden. Opphavleg prenta i bladet Bondeungdommen 1/9 1949. Seinare oppattprenta i «Tekster i samling», band 1, Oslo 1973.
8. Åbottsforretning 10/6 1833, ekstraprotokoll nr. 9 for Østerdalen, fol. 53. Statsarkivet på Hamar.
9. Åbottsforretning 12/10 1838, ekstraprotokoll nr. 9 for Østerdalen, fol. 390. Statsarkivet på Hamar.
10. Norsk lov av 15. april 1687.
11. Kollandsrud, M: Fortidsvern. Medlemsblad for foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring.
12. Bugge, A: Gammel prestegårdskultur. Årbok for foreningen til norske fortidsminnemerkers forening 1917/18.
13. Bleken Nilssen, T: Hamarkaupangen, Hedmarksmuseet. Elverum 1929.
14. Gunnes, E: Frå Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder bd. XX. Oppslagsord: «Visitation».
15. Sitatet er henta frå eit brev som finst i den delen av prestearkivet frå Rendalen som ligg i statsarkivet på Hamar.
16. Frå eit brev som finst i den delen av prestearkivet frå Rendalen som ligg i statsarkivet på Hamar.
17. Kongelig reskript 6/12 1741 til stiftbefalingsmannen og bispen i Akershus stift: ...2) Reendalens Sognekald skal i sig befatte de 2de Øvre og Yttre Reendalens Kirker, og den Præst, som hertil kaldes, beholde Indkomsterne i samme tvende Sogne (Efter Bisk.s Forslag i Anledning af Sognepræsten til Aamodt Knud Hals' Dødsfald.)
Frå Wessel Berg, Aug: Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Norge Tidsrummet 1660-1815. Første Bind. Chra. 1841.
18. Tingbok for Solør og Østerdalen 1747-50, fol. 36 b. Statsarkivet på Hamar.
19. Bull, J.B.: Øvre Rendalen, gårdens og slektens historie, Oslo 1940, s. 161.
20. Ekstraretsprotokoll for Østerdalen nr. 1, fol. 146 a - 147 b, Statsarkivet på Hamar.
21. Ekstraretsprotokoll for Østerdalen nr. 1, fol. 146 a - 147 b, Statsarkivet på Hamar.
22. Jfr. rettsak i tingbok for Østerdalen 1750-52, domsavseiing fol. 110 b - 111 a.
23. Jfr. futerekneskapen for Østerdalen 1750. Riksarkivet i Oslo.
24. Sjå mellom anna visitasprotokollen for prosten i Østerdalen, statsarkivet på Hamar. Jfr. ellers Jacob Breda Bulls bygdebøker.
25. Sjå mellom anna utskifting, tinglyst 16/7 1803 over skogstrekninga «Elvelien», pantebok for Østerdalen nr. 7, fol. 367 a-b.

26. Brev frå sokneprest Anders Lie Bull til Hedemarkens Amt, datert 1830. Brevet er henta frå ei av pakkene med «Brev fra prestene» som finst mellom arkivsakene frå Hedemarkens Amt i Statsarkivet på Hamar.
27. Visitasprotokoll for presten i Østerdalen, Statsarkivet på Hamar.
28. Visitasprotokoll for prosten i Østerdalen, Statsarkivet på Hamar.
29. Visitasprotokoll for prosten i Østerdalen, Statsarkivet på Hamar.
30. Brevet finst mellom dei dokumenta frå prestearkivet i Rendalen som er innleverte i Statsarkivet på Hamar.
31. Ei avskrift av denne åbotsforretninga finst og mellom dei arkivsakene frå sokneprestembetet i Rendalen som er innleverte i Statsarkivet på Hamar.
32. Bull, J.B.: Øvre Rendalen, gårdens og slektenes historie, Oslo 1940.
33. Folketeljing for Noreg 1/1 1891, Riksarkivet i Oslo. Sjå ellers Jacob Breda Bull: Øvre Rendalen (1940).
34. Bull, J.B.: Øvre Rendalen, gårdenes og slektenes historie, Oslo 1940.
36. Sundt, E: Om Bygningsskikken paa landet i Norge. Chra. 1862. Nyutgåve Oslo 1976.
37. Sundt, E: Om Bygningsskikken paa Landet i Norge. Chra. 1862. Nyutgåve Oslo 1976.
38. Bull, L.B.: Rendalen. Kra. 1916.
39. Auksjon på Prestegarden i Rendalen 17-18-19/2 1846. Auksjonsprotokollen finst i Statsarkivet på Hamar.
40. Jfr. rendalslensmennene sine forarbeid og oppgaver til femårsberetningane for Hedemarkens Amt frå 1835-40 og framover. Desse dokumenta finst mellom arkivsakane frå Hedemarkens Amt i Statsarkivet på Hamar.
41. Lensmann Blytchers femårsberetning for perioden 1835-40. Finst mellom arkivsakene frå Hedemarkens Amt i Statsarkivet på Hamar.
42. Lensmanns Enevoldsens oppgaver til amtmannen i samband med femårsberetninga for Hedemarkens Amt 1871-75. Dokumenta finst mellom arkivsakene frå Hedemarkens Amt i Statsarkivet på Hamar.
43. Jfr. forarbeid til femårsberetning for Hedemarkens Amt for perioden 1886-90. Dokumenta finst blant arkivsakene frå Hedemarkens Amt som ligg i Statsarkivet på Hamar.
44. Visted K. og Stigum H: Vår norske bondekultur, 3. utg. Oslo 1975, bd. 1. Byggjeskikkavsnittet.
45. Kraft, J: Topografisk-Statistisk Beskrivelse over Kongeriget Norge, Chra. 1820.
46. Frå forarbeidet til femårsberetninga for Hedemarkens Amt 1876-80. Forarbeidet er nedteikna av nordøsterdalsfuten Heyerdahl og datert 1881. Dokumentet finst mellom arkivsakene frå Hedemarks Amt i Statsarkivet på Hamar.
47. Frå forarbeida til femårsberetningane for amtet 1835-40 og 1846-50. Opplysningane frå Rendalen er nedteikna av lensmennene Blytecher og Enevoldsen. Dokumenta finst mellom dei arkivsakene frå Hedemarkens Amt som finst i Statsarkivet på Hamar.
48. Åbotsforretning datert 29/7 1768, ekstrarettsprotokoll for Solør og Østerdalen 1766 - 68. Statsarkivet på Hamar.

49. Branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol 1a - 2b, Statsarkivet på Hamar.
50. Branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol. 9a - 13b, Statsarkivet på Hamar.
51. Åbottsforretning datert 29/7 1768, ekstraretsprotokoll for Solør og Østerdalen 1766-68, Statsarkivet på Hamar.
52. Åbottsforretning datert 29/7 1768, ekstraretsprotokoll for Solør og Østerdalen 1766-68, Statsarkivet på Hamar.
53. Auksjon på Prestegarden i Rendalen 17-18-19/2 1846. Auksjonsprotokollen finst i Statsarkivet på Hamar.
54. Munnleg opplysning frå Magna Hokstad, Tyllidalen, Hedmark 1981.
55. Bull J.B.: Rendalen 1916.
56. Sjø branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol. 1a - 2b og 9a - 13b.
57. Sjø skifteprotokoll for Østerdalens Prosti 1761 - 1838. Statsarkivet på Hamar.
58. Sjø branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69. Statsarkivet på Hamar.
59. Branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol. 1a - 2b. Statsarkivet på Hamar.
60. Branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol. 9a - 13b. Statsarkivet på Hamar.
61. Bull, J.B.: «Vesleblakken», frå samlinga «Prestegårdshistorier». Nyutgåve Oslo 1977 v. Nils Johan Ruud.
62. Takstforretning datert 22/9 1748, jfr. tingboka for Solør og Østerdalen, Statsarkivet på Hamar.
63. Åbottsforretning datert 29/7 1768, ekstraretsprotokoll for Solør og Østerdalen 1766-68. Statsarkivet på Hamar.
64. Visitasprotokoll for prosten i Østerdalen frå 1819 og framover. Statsarkivet på Hamar.
65. Visitasprotokoll for prosten i Østerdalen frå 1819 og framover. Statsarkivet på Hamar.
66. Branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol. 9a - 13b. Statsarkivet på Hamar.
67. Opplysningane er henta frå folketeljing for Noreg 29/11 1835, Øvre Rendalen. Teljingsmaterialet ligg i Riksarkivet i Oslo.
68. Jfr. folketeljing for kongeriket Noreg 31/12 1875, Øvre Rendalen. Teljingslistene finst i Statsarkivet på Hamar.
69. Lundby, E: Fra hans liv, fortalt til Svenn-Erik Lundby. Brummunddal 1946.
70. Åbottsforretning datert 29/7 1768, ekstraretsprotokoll for Solør og Østerdalen 1766-68. Statsarkivet på Hamar.
71. Stigum, H: Bygningsskikk i Glåmdalen, Norske Bygder V, Bergen 1942.
72. Heramb, L.G.: Besvarelsen af 41 Spørgsmaal Hornquæget betreffende og 33 Spørgsmaal Faareavlens angaaende. Christiania 1811. Nyutgåve Oslo 1967.
73. Sjø visitasprotokollen for prosten i Østerdalen. Statsarkivet på Hamar.
74. Panteobligasjon tinglyst 17/7 1862, der Mathias Bull får låne 150 spesidaler mot pant i bygningar han vil byggje på Prestegarden. Pantebok for Nord-Østerdalen 1857-64, fol. 454b. Statsarkivet på Hamar.
75. Branntakst på Prestegarden, datert 10/9 1864. Branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol. 62b - 64b. Statsarkivet på Hamar.

76. Åbøtsforretning datert 2/5 1879. Avskrift av forretninga finst mellom dei arkivsakene frå prestane i Rendalen som er innleverte til Statsarkivet på Hamar.
77. Sundt, E: «Om Sædeligheds-Tilstanden i Norge», Chra. 1856. Nyutgåve Oslo 1976.
78. Saka kom opp på tinget 3/9 1798. Sjå tingbok for Østerdalen 1798 - 1804, fol. 30. Statsarkivet på Hamar.
79. Tingbok for Østerdalen 1798 - 1804, fol. 30. Statsarkivet på Hamar.
80. Bleken Nilssen, T: Furnes Bygdebok II, Brummunddal 1956.
81. Folketeljing for kongeriket Noreg 31/12 1865, Øvre Rendalen. Teljingslistene ligg i Riksarkivet, Oslo.
82. Frå visitasprotokollen til prosten i Østerdalen, Statsarkivet på Hamar.
83. Branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol. 1a - 2b.
84. Stigum, H: Byggeskikken i Glåmdalen, Norske Bygder V, Bergen 1942.
85. Åbøtsforretning datert 29/7 1768, ekstraretsprotokoll for Solør og Østerdalen 1766-68. Statsarkivet på Hamar.
86. Åbøtsforretning datert 25/7 1787, ekstraretsprotokoll for Østerdalen 1780-92. Statsarkivet på Hamar.
87. Midttun, J: Litt om skoghusvær i Telemark i gamle dager. Årbok for Norsk Skogbruksmuseum, Elverum 1961.
88. Gihle, P: Bruk av bork til takteking. «Frå gammalt», festskrift i anledning Pål Gihles 70-årsdag den 21. februar 1978. Toten/Gjøvik 1978.
89. Gihle, P: Bruk av bork til takteking. Sjå pkt. 88.
90. Bleken Nilssen, T: Furnes Bygdebok II, Brummunddal 1956.
91. Bleken Nilssen, T: Furnes Bygdebok II, Brummunddal 1956.
92. Jfr. branntakstprotokoll for Vang og Furnes 1846-77. Statsarkivet på Hamar.
93. Sjå lensmann Enevoldsens femårsberetning for Rendalen 1851-55 blant forarbeida til femårsberetningane for Hedemarkens Amt. Desse dokumenta finst mellom arkivsakene frå amtet i Statsarkivet på Hamar.
94. Jfr. pkt. 93.
95. Bleken Nilssen, T: Furnes Bygdebok II, Brummunddal 1956. Sjå ellers Valen-Sendstad, F: Norske Landbruksredskaper, Lillehammer 1964.
96. Jfr. branntakstprotokoll for Furnes og Vang 1846-77. Statsarkivet på Hamar.
97. Sjå lensmann Enevoldsens femårsberetning for Rendalen 1851-55 blant forarbeida til femårsberetningane for Hedemarkens Amt. Desse dokumenta finst mellom arkivsakene frå amtet i Statsarkiva på Hamar.
98. Jfr. auksjonsprotokoll for denne perioden. Statsarkivet på Hamar.
99. Sjå folketeljing for kongeriket Noreg 31/12 - 1865. Teljingslistene finst i Riksarkivet, Oslo.
100. Heramb, L.G: Besvarelsen af 41 Spørsmåal Hornqæget betreffende og 33 Spørsmåal Faareavl en angaaende Chra. 1811. Nyutgåve Oslo 1967.
101. Sjå «Herredsbeskrivelse» for Rendalen 1863. Riksarkivet i Oslo.
102. Rettstvist. Sjå tingboka for Østerdalen. Statsarkivet på Hamar.
103. Åbøtsforretning datert 29/7 1768, ekstraretsprotokoll for Solør og Østerdalen 1766-68, Statsarkivet på Hamar.
104. Sjå «Herredsbeskrivelse» for Rendalen 1863. Statsarkivet på Hamar.

105. Munnleg opplysning frå føderådsmann Arne Langtrøen, Tyllalden, Hedmark, 1982.
106. Intervju med gardbrukar Johan I. Nytrøen, Øversjødalen, Tolga, 18/8 1983.
107. Åbotsforretning datert 29/7 1768, ekstrarettsprotokoll for Solør og Østerdalen 1766-68. Statsarkivet på Hamar.
108. Tingsvitneinnført i tingboka. Sjå tingboka for Østerdalen 1786. Statsarkivet på Hamar.
109. Branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol. 9 a - 13 b. Statsarkivet på Hamar.
110. Åbotsforretning datert 29/7 1768, ekstrarettsprotokoll for Solør og Østerdalen 1766-68. Statsarkivet på Hamar.
111. Åbotsforretning datert 2/5 1879. Avskrift av dette åbetsdokumentet finst mellom dei arkivsakene frå sokneprestembetet i Rendalen som er innlevert på Statsarkivet på Hamar.
112. Branntakst datert 29/10 - 1841. Sjå panteboka. Statsarkivet på Hamar.
113. Bull, J.B: Øvre Rendalen, Oslo 1940.
114. Branntakst datert 29/10 - 1841. Sjå panteboka. Statsarkivet på Hamar.
115. Branntakst 1846, sjå branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol. 1 a - 2 b. Statsarkivet på Hamar.
116. Sjå visitasprotokollen til prosten i Østerdalen. Statsarkivet på Hamar.
117. Branntakst datert 6/1 1856, branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol. 9 a - 13 b. Statsarkivet på Hamar.
118. Åbotsforretning datert 2/5 1879. Avskrift av denne forretninga finst mellom dei arkivsakene frå sokneprestembetet i Rendalen som er innleverte til Statsarkivet på Hamar.
119. Bull, J.B: Præstens Søn, Roman, 2.oppl. Kra. 1915.
120. Folketeljning for kongeriket Noreg 31/12 - 1865. Øvre Rendalen. Teljingslistene finst i Riksarkivet, Oslo.
121. Bull, J.B: «Tusenmikkel», frå samlinga «Prestegårdshistorier». Nyutgåva i samling «Romaner og folkelivsskildringer», Oslo 1977.
122. Bull, J.B: «Tønsett-Prosten, frå samlinga «Morosamme kroppar». Nyutgåve i samlinga «Romaner og folkelivsskildringer», Oslo 1977.
123. Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder bd. 1. Oppslagsord: «Bastu»
Sjå ellers Visted & Stigum: Vår norske bondekultur. Oslo 1975. (Byggjeskikkavsnittet)
124. Branntakst datert 6/1 - 1856, branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol. 9a - 13b. Statsarkivet på Hamar.
125. Lundby, Even - Fra hans liv - fortalt til Svenn Erik Lundby. Brummunddal 1946.
126. Tingsvitne i samband med brann, sjå tingbok for Østerdalen 1789. Statsarkivet på Hamar.
127. Gjone, Th: Grundset Marked.
128. Branntakst datert 9/9 - 1846. Branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol. 1 a - 2 b. Statsarkivet på Hamar.
129. Auksjon på Prestgarden i Rendalen 17-18-19/2 - 1846.
Auksjonsprotokoll i Statsarkivet på Hamar.

130. Åbottsforretning datert 29/7 1768, ekstraretsprotokoll for Solør og Østerdalen 1766-68. Statsarkivet på Hamar.
131. Visitasprotokoll for prosten i Østerdalen. Statsarkivet på Hamar.
132. Ahlmann, H. W.son: Norge. Natur og næringsliv. Oslo 1957.
133. Jfr. futerekneskapane frå tida omkring 1750. Riksarkivet i Oslo.
134. Jfr. utdraget frå dagboka til Semming Hagen som er prenta i Årbok for Nord Østerdalen 1981.
135. Pantebok for Østerdalen 1817-343, fol. 924 b. Statsarkivet på Hamar.
136. Folketeljing for kongeriket Noreg 31/12 - 1875. Teljingslistene ligg i Statsarkivet på Hamar.
137. Jfr. kontrakt tinglyst 15/11 1872, pantebok for Nord-Østerdalen 1871-76, fol. 245 b - 246 a. Statsarkivet på Hamar.
138. Åbottsforretning datert 29/7 1768, ekstraretsprotokoll for Solør og Østerdalen 1766-68, Statsarkivet på Hamar.
139. «Opgave over Fiskevande i Rendalens Præstegjeld.» Utarbeidd av lensmann Enevoldsen i samband med femårsberetninga 1866-70.
140. Jfr. kontrakt tinglyst 15/11 1872, pantebok for Nord-Østerdalen 1871-76, fol. 245 b - 246 a. Statsarkivet på Hamar.
141. Sjå «Herredsbeskrivelse» for Rendalen 1863. Riksarkivet i Oslo.
142. Jfr. utskiftingsforretning datert 11/7 - 1829. Statsarkivet på Hamar.
143. Branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol. 9 a - 13 b. Statsarkivet på Hamar.
144. Branntakstprotokoll for Rendalen 1846-69, fol. 9a - 13b. Statsarkivet på Hamar.
145. Jfr. korrespondanse i den delen av sokneprestarkivet frå Rendalen som er innlevert på Statsarkivet på Hamar.
146. Kartet finst i Statsarkivet på Hamar.
147. Frå brev frå kommunal komité som skulle utgreie ombyggingsspørsmålet i Gammelprestgarden. Brevet ligg mellom dei arkivsakene frå sokneprestembetet i Rendalen som er innlevert til Statsarkivet på Hamar.

Saugbrugscontragt

Efterskrevne Lodhavere i Haarennasaugen: Sognepræst Bull, Erich Jacobsen Haarset, Erich Olsen Broen, Haagen Pedersen Løkken, Engebret Erichsen Berger, Jens Simensen Høye, Erich Hagensen Haarset og Simen Sevaldsen Bergset, hvoraf Erich Olsen Broen, Engebret Erichsen Berger, Jens Simensen Høye og Simen Sevaldsen Bergset enhver af dem, kun en halv Lod, indgaae herved følgende Contragt, hvis enkelte Puncter vi forpligte os til at efterlave og paasee efterlevende:

1. For Fremtiden at have en bestemt Saugmester, som dertil udnævnes af Lodhaverne, og ei at lade nogen Andre behandle Saugen end den af os antagne Saugmester, saa at enhver, naar hans Tour kommer til Saugning, maa henvende sig til ham.
2. Saugningen skal tage sin Begyndelse saasart der om Vaaren er saa meget Vand som der udfordres til Saugens Gang.
3. Saugningstouren fra Begyndelsen af Vaaren 1830 skal begynde ved Broen og gaae nordefter, men fra Jens Simensen Høye skal den gaa til Erich Haagensen Haarset og derfra nordefter. Men Begyndelsestouren om Vaaren skal være afvexlende saa at den om Vaaren 1831 skal begynde paa Præstgaarden saa fremdeles efter den angivne Tour nordefter.
4. Enhver Lodhaver skal paa enhver Omgangstour ei kjøre flere end 4 Tylfter Tømmer og de mindre Lodhavere i Forhold dertil, vil han have skaaret meer maa han bie til de paafølgende Omgangstoure. De paafølgende Omgangstoure om Sommeren blive i den samme Orden som den første om Vaaren. Paa Omgangstouren har enhver Lodhaver lov til at bortleie sin Lod til de øvrige Lodhavere eller andre, naar kun den bestemte Saugmester bliver benyttet, men, har han selv ei Tømmer og heller ikke den, som av ham har leiet hans Lod, maatte have Tømmer, da træder den følgende Lodhaver i Omgangstouren op i hans Saugningstour.
5. De nødvendige Redskaber til Saugens Drift Opbevares af Saugmesteren paa Erich Jacobsen Haarseths Sæter.
6. Aldeles ingen udenfor Lodhaverne har Lov til at skjære uden Tilladelse af Lodhaverne.

7. For Overtrædelse af hvilket som helst af disse Puncter er Vedkommende skyldig til at erlægge Mulct af 5, fem, species som tilfalde en Kasse til Saugens Vedligeholdelse.
Reendalens Præstegaard ^{de} Juli 1829.
Pantebok for Østerdalen 1817 - 34. Fol. 924 b.

